


# SPRÅK nytt

UTGITT AV NORSK SPRÅKRÅD

32. årgang 2/2004



## Lær av dei som får det til!

**E**NDELEG blir det sett i gang eit pedagogisk prosjekt der målet er å oppnå betre resultat i sidemålet. Det blir presentert i ein artikkel i dette nummeret. Samtidig som det er i startfasen, kjem Stortingsmelding nr. 30 (2003-2004) der Utbildnings- og forskningsdepartementet nemner med rette at det manglar forsking på sidemålet. Men i staden for å prøve å setje i gang meir forsking og å skaffe seg meir innsikt foreslår departementet å nedprioritere sidemålet ved å ta det bort som eksamensfag i ungdomsskolen og gjøre det til «trekkfag» ved eksamen i den vidaregåande skolen.

Sidemålsundervisninga er veldig godt for mange elevar i norsk skole. Det gjeld dei fleste med nynorsk hovudmål, men også for ein del med bokmål som hovudmål. Dei lærer begge målformene godt, og seinare i livet praktiserer mange to *hovudmål*. Men for andre fungerer undervisninga dårligare. Kva er klokast å gjøre i ein slik situasjon? Jo, på andre område ville ein ta utgangspunkt i kontrastane og straks prøve å lære av dei som faktisk får det til!

Tospråksituasjonen vår ligg godt til rette for forsking. Ved å jamføre systematisk gode og dårlige resultat med f.eks. holdningar, motivasjon, toleranse, region, talemålsgrunnlag og undervisningsform kan ein finne ut kva som verkar mest inn på læringsprestasjonane. Laboratoriet har vi rundt om på skolane. Det ville overraske om vi ikkje fann ein del slåande mønster. Kanskje vil vi også oppdage at sidemålet ikkje er eit studieobjekt for berre pedagogisk, men like mye for sosiologisk forsking. Di større grunn er det til å skaffe seg innsikt – i vår eigen kultur.

Stortingsmeldinga kjem med radikale konklusjonar utan å vise interesse for forsking. Utan sakleg grunngiving avviser departementet faktisk også rapporten frå Europaratet som viser til den positive språklæringsgevinsten ein kan oppnå med opplæring i dei to målformene. Rapporten argumenterer ut frå internasjonal forsking.

«Urettferdig» seier meldinga om eit forslag frå eit førebuande utval om tilfeldig trekking av målform til norskesksamten. Det «urettferdig» gjeld først og fremst bokmåelsevar som ikkje lærer seg det nynorske sidemålet godt nok. Stortingsmeldinga identifiserer seg mest med dei og vil altså redusere statusen å faget. Meldinga droftar ikkje kva elevar med nynorsk hovudmål heretter vil oppleve som «urettferdig». Slik samfunnet vårt er, må dei uansett lære begge målformene. St.meld. nr. 30, med namnet *Kultur for læring*, er – i motsetning til f.eks. kulturmeldinga i fjor – heilt fri for ei kultur- og samfunnsforståing av språksituasjonen. Derfor finst det heller ingen konsekvensanalyse, f.eks. av om nyordninga kjem til å auke presset enda meir på nynorsk som hovudmål.

Språkrådet har i mange år rádd myndigheten til å styrke og forske på sidemålsopplæringa. No går Utbildningsdepartementet motsett veg. Det kastar ut dei gode erfaringane med dei dårlige. Vi oppfordrar Stortinget til å bruke klokskapen. Sats heller på å bygge på det som fungerer godt, og som faktisk viser seg å vere ein resurs. Dét vil vere kultur for læring.



## INNHOLD 2/2004

- |  |   |
|--|---|
| 1 Den tospråklige byen                   | 26 Det høgtidssame – bygdemål og landsmål |
| 6 Om svesismer i unionstiden 1814–1905   | 30 Behovet for økt engelskkompetanse i    |
| 10 Det gode avløysarordet                | norsk næringsliv                          |
| 14 Fokus på nynorsk i opplæringa         | 34 Haldningar til engelsk                 |
| 18 Avløserord i nederlandsk              | 39 Nyord                                  |
| 22 Avløysarord og tilpassing av engelske | 40 Spørrespalte                           |
| termar i spansk                          |   |

# Den tospråklige byen

---

AGNETE NESSE

---

## Flere språk = bråk?

I vår norske språkvirkelighet ser vi at det ikke alltid er så enkelt for et samfunn å takle at to språk eller to varianter av et språk er i bruk ved siden av hverandre. I Oslo legges det mye energi i å bli kvitt nynorsk i skolen, enkelte steder i Nord-Norge står der samiske veiskilt fulle av skytehull. De to eksemplene viser at motvilje mot et språk både kan rettes mot et språk som er umiddelbart forståelig, og mot språk som ikke er umiddelbart forståelig. Alle bokmålsbrukere forstår nynorsk, men har du norsk som morsmål, forstår du ikke samisk uten opplæring. Motviljen mot samisk forklares ofte ut fra gamle skillelinjer i samfunnet, som ikke minst har dreid seg om retten til jord, altså en i utgangspunktet ganske konkret konfliktkilde. Motviljen mot nynorsk er pakket bedre inn, de ivrigste nynorskmotstanderne prøver etter beste evne å kommunisere kjærlighet til språket de vil ha bort. Men også denne motviljen har kanskje konkret bakgrunn, nemlig den nedvurderingen av primærnæringene og dem som arbeider i disse næringene, som en finner i det norske samfunnet.

Det er ikke så helt uvanlig at konflikter mellom grupper i et samfunn overføres til også å bli konflikter mellom de språkene eller de dialekten de

respektive gruppene bruker. Men det må ikke være slik. Denne artikkelen skal ta for seg et norsk språksamfunn som i ca. 400 år var både konfliktfylt og tospråklig, men der konfliktene ikke nådde språket før helt mot slutten av perioden. I Bergen levde nemlig norsk og tysk side om side fra 1300-tallet til 1700-tallet, tilsynelatende uten at noen syntes at det var det minste problematisk.

## Hanseatene

Bakgrunnen for at Bergen ble en tospråklig by, var at hansaforbundet opprettet et såkalt kontor, en slags by i byen, i Bergen midt på 1300-tallet. Hanseatene levde for seg selv i et reinkmannsfellesskap på Bryggen og hadde bare i begrenset grad daglig omgang med bergenserne. I kraft av å ha fått privileiebrev fra norske, og seinere danske, konger, hadde de en sterk posisjon i bymiljøet. Dessuten var de en økonomisk suksess. Handelen, som var basert på salg av norsk fisk til det europeiske markedet, var god butikk, ikke minst siden hanseatene også sørget for import av sårt tiltrengt korn til det norske markedet. Det er en av grunnene til at den bergenske hansasiden spenner over en så lang periode (fra ca. 1350 til ca. 1750), hanseatene tjente gode penger, og kongene så seg

tjent med stadig å forlenge privilegiene deres.

Noe herre-tjener-forhold var det ikke mellom hanseatene og bergenserne. I begge gruppene fantes det overordnede og underordnede. I dette gjennomregulerete samfunnet fantes det regler å forholde seg til, innenfor de aller fleste av livets områder. At reglene ikke alltid ble fulgt, gir kildematerialet fra denne perioden oss mye informasjon om. Svært mange av brevene består av hanseatenes og bergenserne klager over hverandre til sine respektive myndigheter. Særlig når det gjaldt handelssaker, var dette veien å gå. Andre ganger havnet de i slåsskamp, men slikt ble stort sett ordnet opp i innenfor bysamfunnet, uten at verken danskekongen eller ledelsen for hansaforbundet ble blandet inn.

Bevisstheten om at hanseatene og bergenserne tilhørte to forskjellige grupper, og at disse to gruppene hadde hvert sitt språk, var stor i samtiden. De bodde hver for seg, arbeidet hver for seg, gikk til kirke hver for seg og hadde hvert sitt rettssystem. Kontaktene som eksisterte, finner vi først og fremst innenfor domener som vi i dag ville sortert under fritidsbegrepet. De møttes på skjenkestuene og i forbindelse med felles skytetrenings. De feiret også høytidsdager sammen, i hvert fall ble overklassen blant hanseatene invitert til dåp og bryllup hos de norske. Og for menige bergensere innebar de hanseatiske introduksjonsspillene mye fest og underholdning. Disse spillene var noe alle hanseatiske lærestutter måtte gjennom i løpet av sine første år i Bergen. De var til dels både voldelige og ydmykende for deltaker-

ne og ble flere ganger prøvd stoppet av de hanseatiske lederne. Men de må ha hatt en viktig funksjon for det hanseatiske samfunnet i Bergen ved å gi medlemmene en felles opplevelse som startpunkt. Trolig har de også hatt som formål å virke disiplinerende og forbredende på livet på Bryggen.

### Å telle språk

Språktelling kan være en interessant beskjeftigelse, ikke minst når en ser på hansatidens Bergen. For er det riktig å si at byen var tospråklig? Eller må vi ta skrittet helt ut og si at vi faktisk hadde en firespråklig by? Det var to tyske og to skandinaviske språk inne i bildet, nemlig nedertysk og høytysk og norsk og dansk. Når jeg for enkelhets skyld snakker om norsk og tysk, og i «norsk» tar med både norsk og dansk, og i «tysk» tar med både nedertysk og høytysk, kan enkelte bli både forvirret og litt provosert, men samtidig stemmer det godt overens med det synet språkbrukerne selv hadde på sine respektive språk.

Da hanseatene først kom til Bergen, snakket og skrev de middelnedertysk. Det er et språk som i dag har samme slags status som norrønt: Det er laget både grammatikk og ordbok over dette språket i ettertid, og de gamle skriftene på middelnedertysk studeres fremdeles. Men i motsetning til i Norge, der det ble skapt to nye norske skriftspråk fra 1800-tallet av, ble det aldri noen gjenfødsel for skriftlig nedertysk. Muntlig lever nedertysk fremdeles, men som skriftspråk lever nedertysk i dag bare i sjangerer vi kan kalle folkelige fortellinger og høre-spill, litt sånn som norske dialekter ble

brukt i skrift i dansketiden. Middelalderens nedertysk var et språk som var spredt vidt omkring i Nord-Europa, men som til slutt gikk ut av bruk som skriftspråk. Det som overtok, var nabospråket i sør, det vi i dag kaller høytysk eller standardtysk. Overgangen fra skriftlig nedertysk til høytysk skjedde ikke samtidig over alt i Nord-Tyskland, og det var ikke et plutselig brudd. På samme måte som det gamle norske skriftspråket ble iblandet mer og mer dansk i århundrene etter svartedauden, til norsk og dansk skriftspråk ble så godt som identisk når en nærmest seg 1814, så var også overgangen fra nedertysk til høytysk skriftspråk gradvis.

Det vil si at vi har mye blandingspråk i de skriftlige kildene fra hansatidens Bergen. Særlig fra 1500-tallet finner vi ulike blandinger av nedertysk og høytysk på den ene siden og av norsk og dansk på den andre. Det som er fascinerende, er at det i denne situasjonen ikke finnes et eneste vitnemål om blanding mellom tysk og norsk. Selvfølgelig dukker det opp lånord i tekstene, både i de tyske og i de norske. Og på sikt endres den bergeniske grammatikken som et resultat av språkkontakten i den tospråklige byen. Men noen blanding av språkene, for eksempel ved kodeveksling – der en skifter fra ett språk til et annet midt i en setning – finnes ikke. Kodeveksling er ellers ikke noe ukjent fenomen fra kildematerialet i Bergen, men det vi finner, er kodeveksling mellom norsk og latin, ikke mellom norsk og tysk. Det er presteskapet som står for denne kodevekslingen mellom norsk og latin, og både etter biskop Gjeble

Pedersson og hans disippel, presten og læreren Absalon Pedersson Beyer, har vi eksempler på veksling fra morsmålet (norsk) til fagspråket (latin) i en og samme tekst.

Latin var knyttet til enkelte domener, særlig det teologiske. Mellom norsk og tysk var forholdet ikke slik at det ene språket ble brukt i enkelte domener og det andre språket i andre domener. De norske brukte norsk i alle domener, og de tyske brukte tysk. Noen ganger var det likevel slik at pragmatiske eller juridiske grunner kunne rokke ved dette mønsteret. Viktigst i så måte er trolig dokumentene som regulerte eiendoms- og bruksforhold til eiendommer i byen. Hovedregelen i byen var at folk leide grunnen de bygde hus på. Kontraktene som regulerte disse leieforholdene, også kalt grunnbrevene, var viktige juridiske dokument, og de faktiske (ordrette) formuleringene var av vesentlig betydning. Dette er en grunn til at nettopp grunnbrevene ble skrevet på begge språk. Mange av disse brevene ble skrevet på ett og samme ark, alltid først på norsk, og så på tysk. Og språkene holdes fra hverandre i den grad at selv navn får to varianter. For eksempel ser vi i et brev utstedt av Gjeble Pedersson, at navnet hans blir skrevet *geble pederßen* i den norske versjonen av dokumentet, og *goebel peterßen* i den tyske.

### **Passiv tospråklighet**

På samme måte som arbeidsliv, religiøst liv og rettsvesen var delt i tysk på den ene siden og norsk på den andre, var også språkbruken i Bergen delt. Hanseatene brukte tysk, og bergenser-

ne brukte norsk. Hvordan kunne de da kommunisere? Svaret på spørsmålet er like enkelt som det er fornuftig: De lærte seg å forstå hverandres språk, og så snakket hver på sitt eget morsmål. På den måten slapp den ene parten å underordne seg ved å snakke den andre gruppens språk. Språk og identitet var – også den gang – knyttet tett sammen, og det ser ut til å ha vært nærmest utenkelig for en bergenser å bruke tysk, og for en hanseat å bruke norsk. Denne evnen til å forstå et språk, men ikke å kunne snakke eller skrive det, kaller vi passiv tospråklighet. At bergenserne og hanseatene valgte å kommunisere på hvert sitt språk og ikke heller tok i bruk en av de andre mulighetene som eksisterer for tospråklige samfunn, har mange grunner.

Det vanlige var at hanseatene kom til Bergen som ganske unge tenåringer og ble værende i byen i 15–20 år. Opholdet hadde, både prinsipielt og reelt, en slags midlertidig karakter. Ikke minst var ekteskapsforbuddet, som de var underlagt, et effektivt middel mot integrering i bysamfunnet. Hvis hanseatene begynte å snakke og eventuelt å skrive norsk, ville det gi et inntrykk av integrering i det norske samfunnet, og dette var – først og fremst av økonomiske grunner – ikke ønsket fra tysk side. En annen mulighet hadde selvfølgelig vært at bergenserne tilpasset seg sine «gjester» og lærte seg til å snakke tysk med tyskerne. Det hadde vært en ventet løsning, for de levde tross alt med tyskere i sin midte i mange, mange generasjoner. Men de gjorde det ikke. Kanskje det hadde vært å innrømme tyskerne for mye,

kanskje det hadde vært å legge seg under de fremmede, og at det derfor fremstod som en umulig løsning?

#### **«... stod hverandre forholdsvis nær»**

Det har lenge vært gjengs oppfatning i norsk språkhistoriekskriving at de to språkene som møtte hverandre i hansatidens Bergen, var så like at de to gruppene forsto hverandre uten problemer. Vemund Skard skriver for eksempel at «De kunne så noenlunde forstå hverandre uten videre, fordi mellomnedertysk og den tids norsk stod hverandre forholdsvis nær.». Det kan diskuteres hvorvidt denne påstanden holder stikk, men viktigere er det at det ikke bare har med språklig nærlhet å gjøre hvorvidt språkbrukerne selv oppfatter at de snakker samme språk eller to forskjellige språk. Det er da heller ikke manglende nærlhet språkene i mellom som gjør at bokmålske skolebarn ikke greier å lære nynorsk. Språket er en viktig bærer av kulturell symbolikk, og et vesentlig uttrykk for identitet.

Holdningene i det bergenske samfunnet var utvilsomt at norsk og tysk var to forskjellige språk. På det offisielle planet kan det også se ut som om de hadde en slags likestilling. Som jeg allerede har nevnt, var det vanlig at grunnbrev ble utstedt på begge språk. I perioder ser vi også at de danske kongene kommer med doble sett av sine brev, i hvert fall de som dreier seg om Bergen. Når tyskere og bergensere skulle skrive til hverandre innad i Bergen, tok de seg ikke tid eller råd til slikt. Særlig når temperaturen omkring økonomiske uenigheter ble høy, skrev de som de snakket – dvs. de skrev på

hvert sitt språk. Den 28. juli 1656 blir det sendt et relativt hissig brev fra Rådhuset i Bergen til Kjøpmansstuen på Bryggen. Bergenserne spør hanseatene om de «wille bequeme sig till at participere Vdj denn omkosting som wj haffuer Anveendt paa denn Naadh: Erlangede frihed om korn fjh och anden ...»<sup>1</sup>. Det handler om tollfrihet på korn og fisk, og svaret kommer samme dag, båret fra Kjøpmannsstuen til Rådhuset, en fem minutters spaseretur: «wegen linderung deß zollenß auff einige güter ihm der Bürgerschafft zu hülfte kommen oder participiren wollen ...»<sup>2</sup>. Hanseatene var ikke interessert i å tre hjelpende til. I 1656 skrev tyskerne i hovedsak høytysk, og de norske skrev i hovedsak dansk. De to gamle skriftspråkene var borte, og det var bare et og annet dialekttrekk igjen i skriften. Når de brukte hvert sitt språk i slik brevveksling med hverandre, må det bety at de forventet at motparten forstod dem. Dette var en vane som hadde satt seg i det bergenske samfunnet allerede på 1300-tallet, og som ikke ble rokket av at

høytysk tok over som skriftspråk for nedertysk, og dansk tok over som skriftspråk for norsk.

Så seint som i første halvdel av 1700-tallet, var det fremdeles uproblematisk at bergenserne brukte norsk og tyskerne tysk. På den tiden var det en del kvinner som eide firma, og de lot ofte sine mannlige handelsforvaltere, eller sine sønner, skrive under på avtaler og lignende for dem. Noen skrev da under på tysk: *Auf mein Principalin Madam Fasmer Wegen*, andre skrev under på norsk: *paa min Moders vegne*, alt i et og samme dokument. Men så, fra 1750-tallet av, da hansakontoret ble lagt ned, ble den språklige idyllen brutt. Men det er en annen historie.

#### Noter

<sup>1</sup> «kunne tenke seg å delta i de omkostninger som vi har brukt på den nädige mottatte friheten om korn, fisk og annen ...»

<sup>2</sup> «... komme borgerskapet til hjelp eller delta på grunn av nedsettelse av toll på enkelte varer ...»

---

## Norvengelsk 2004

*Norvengelsk* er en språkkonkurranse for den videregående skolen, arrangert som et samarbeid mellom Foreningen !les, Norsk språkråd, Læringssenteret og Norsk Oversetterforening. Hensikten med tiltaket er å styrke bevisstheten om forskjellene mellom god norsk

og god engelsk blant ungdom. I år fant konkurranse sted i april med svarfrist 2. juni. Mer om konkurransen og resultatene her:  
[www.txt.no/norvengelsk\\_2004/index.htm](http://www.txt.no/norvengelsk_2004/index.htm)

# «Der lå vi et folk bag, et andet berømmeligt rige»

## Om svesismer i unionstiden 1814–1905

---

FINN-ERIK VINJE

---

**S**OM KJENT er vår ordrike og sôte bror i øst raus med sine gaver. I etterkrigstiden har norske (sports)journalister strødd hestelass med svesismer over tekstene sine, og mye av dette ordstoffet er blitt værende. *Kjendis* er ingen enslig svale.

Språkhistorien rommer iblant paradoxer. Hør bare: Aldri har dansk språk i Norge stått sterkere enn i tiårene etter 1814, da foreningen med Danmark ble oppløst – og aldri har svensk påvirkningen vært sterkere enn på 1900-tallet, etter at de svensk-norske unionsbåndene var løst. (Og hva byttebalansen mellom norsk og dansk angår, så tok dansk opp flere norske ord i annen halvdel av 1800-tallet enn i hele foreningstiden!)

I tidsrommet 1814–1905 var det forbausende lite svensk språkstoff som blåste inn over våre skigarder og slo rot her.

Frykten for språklig amalgamasjon (et politisk moteord på 1800-tallet), alt-så svensk språkinnblanding i Norge, var de første tiår etter 1814 påtakelig. Det viste seg imidlertid snart at frykten var betydelig overdreven. Svensk ble ikke skriftspråk i Norge, og den «Forvandskning og Sammenblandning» man var engstelig for, uteble, den også.

I år 1900 gjorde forfatterfirmaet Falk & Torp opp status for det gangne

århundre og kom til at den svenske språklige innflytelsen innskrenket seg til et par ord, som *bolag* og *sløid!*

Om det estimatet kan man si at det er i underkant. Gjennom hele 1800-tallet fantes det svenske nedslag i språkbruken, især i det litterære språk – dels som uttrykk for de romantiske idealer som skandinavismen skapte, dels som en reaksjon mot alt dansk.

### «Ikkje lenger med dansken kava»

Da det nasjonalistiske språkstrevet omsider fikk vind i seilene, var dets mål å kaste av seg danske-åket. «Norskt mål vil me i Noreg hava / Ikkje lenger med dansken kava,» sang den norske buldrebassen Ivar Mortensson-Egnund. Noe tilsvarende kraftfullt vers om svesismer skrev han ikke.

Man kunne i 1814 ha utnyttet sjansen til å gjenreise et ekte nasjonalt språk, men 1814 kom for tidlig, mente Arne Garborg, målfolkets ideologiske bannerfører – «Folket sov,» sa han. Da det omsider våknet, var frykten for svensk språkimperialisme avtatt, og selv Ivar Aasen kunne nå spandere noen godord på svensk språk: «[H]eldigvisi finde vi dog tæt ved Siden af os et Sprog, som er vel anseet i Verden, uagtet det har meget tilfælles med det norske. [...] Hvis man endelig skulde have en udenlandsk Mønster-

form, da vilde vort Folk været bedre tjent med den svenske end med den danske.»

### «Det Ryggestød vi have i det svenske Sprog»

Selv om jordsmønnet var gunstig, var det altså ikke så mange av de svesismer som 1800-tallsforfatterne tok i sin penn, som ble innlemmet i det alminnelige vokabularet og fikk varig liv her. Blant eksemplene på relativt sikre ordlår fra tidsrommet kan nevnes *beslutsom, brist, foretag, ihærdig, indslag, lynne, modsvare –* og altså *sløid*, som Falk & Torp nevner.

I Wergelands folkelige skrifter står de svenske glosene tett (f.eks. *Øde, Fosterland, Førster, Yte, Tidning, Rymd, Berøm, Foretag*). Især i Folkebladet, som han gav ut, strør han ut svesismer med ødsel hånd. Og det hele er gjort med plan og overlegg. Den språkbevisste Wergeland talte om «det Ryggestød vi have i det svenske Sprog» – underfortaatt: i kampen mot det danske.

Wergeland nøyser seg ikke med ordlår, han tyr også til noen svenske ord-dannelseselementer, f.eks. *-ende* i ord som *Yttrende*, og han serverer artikkel-løse konstruksjoner av typen *vevre Gubben, brune Skjegget*.

Hos Ibsen påtreffes kraftige svesismer (bl.a. *forskingre, brottsling, tråkig, fjæril, overdrift, uberoende*), og likeså hos Bjørnson, som til tider var riktig svak for det svenske (eksempelvis *bitræde, føredøme, frågan, skede, snille, utmaning, underbar*). Men merk at det her dreier seg om engangsord. Bare få av Wergelands, Ibsens og Bjørnsens svesismer fikk fotfeste i alminnelig språk.

### Grunnloven

Ingen av de grunnlovsutkastene som forelå på Eidsvoll i 1814, var oppatt av språket. I den grunnlov som riksformlingen vedtok 16. mai, het det riktignok at embetsmenn må «tale Landets Sprog», men det stod ingenting om at landets språk skulle være norsk. Man hadde det skriftspråk man hadde, og slik skulle det naturligvis fortsette.

Situasjonen var en annen etter «kattekriken» sommeren 1814 og den påfølgende konvensjonen i Moss. Når unionen med Sverige nå skulle etableres, øyntet man den fare som truet språket i Norge. «Der lå vi et folk bag et andet berømmelig rike» (Hamsun til Bjørnson på dennes 70-årsdag), og det gjaldt å hindre at svensk språk erobret landet vårt. Under grunnlovsrevisjonen høsten 1814 sørget således Stortinget for at Grunnloven fikk flere bestemmelser om «Det Norske Sprog» (§§ 33, 47, 81). Blant annet ble det grunnlovsfestet (etter forslag fra president Christie) at «Alle Love udfærdiges i det norske Sprog» (§ 81). Også Riksakten fra 1815 hadde bestemmelser om språket; således ble det fastslått at den umyndige konge skulle «gives tilstrækkelig Undervisning i det Norske Sprog» (§ 10).

Man var til å begynne med ikke i tvil om at det skulle stå «norsk». Etter begivenhetene i 1814 gikk det ansten-digvis ikke an å snakke om dansk som offisielt språk i Norge. Men danskene begynte snart å mukke og tok forargelse av at nordmennene kalte det gamle fellesspråket for norsk. Ville nordmennene virkelig ha et norsk språk, så måtte de bryte fellesskapet med Danmark. «Dog derpaa kan vel næppe nogen klog Nordmand tænke

for alvaar,» sa den berømte danske språkmannen Rasmus Rask.

**«Svecismer ærgerer mig mer end alt.»** Mistenksomheten mot unionspartneren var stor i de første årene etter 1814. Da Jacob Aall og Johan Storm Munch begynte å utgi tidsskriftet *Saga* i 1816 og i oversettelser av noen sagastubber kom til å bruke tre svenske ord (*Øde* 'skjebne', *Torpare* 'småkårsfolk', *Drotning*), ble det rabalder.

Stortingsmann og prest Andreas Bonnevie fra Kongsberg så dette som et lumskt forsøk på snikforsvensking og tok opp saken i tinget. Han været amalgamasjon på hver side i *Saga*, og han avfyrt grusomme salver mot «de svensk-islandske Sprogrensnere», som offentlig hadde vist veien «til vort eindommelige [= særegne] Sprogs Forvandskning og Sammenblanding med Broderfolkets». I en brosjyre fra 1817 påstår han rett fram at dersom «vi først have amalgameret *Sprogene*», da ville det ikke være «synderlige Hindringer tilbage for den attraaede politiske Amalgamation». Som man forstår, var Bonnevie «en stram unionsfiende», for å låne Sverre Steens ord.

Diskusjonen bølget att og fram en tid og var meget lidenskapelig. Så dabbet den av. Det ble nemlig tidlig klart at Bonnevie og de andre patriotene intet hadde å frykte fra den svenske unionspartneren i språklig henseende.

Men gjennom hele århundret fortsatte enkelte behjertede nordmenn å holde vakt. En av dem var P.A. Munch, som ergret seg over sine landsmenns tendens til å «svenske». Enkelte skaptige nordmenn sa nemlig *flikka* (istf. *Pige*), *tvertom* (istf. *tvertimod*) og *nogen-*

*ting* (istf. *noget*), og det likte Munch dårlig. «Snobbishness,» fnøs han.

Også en annen purist, Arne Garborg, irriterte seg over svesismer, som «ærgerer mig mer end alt», heter det i hans berømte anmeldelse av Hanna Winsnes' kokebok. Hos Winsnes mente han for øvrig å finne bare én svesisme – og den hadde også Bjørnson brukt: *menneskenes alle dumheder* i stedet for *alle menneskenes dumheder*.

Munchs og Garborgs rettlinjede og utholdende antagonist, den skandinavistisk orienterte Knud Knudsen, så med større sinnsro på en eventuell svensk påvirkning. For ham var ordvalget mer et spørsmål om hensiktsmessighet enn om nasjonal renhet: «At Svenskerne er kommet os i Forkjøbet i Brugen f.Eks. af *Foretag*, er dog vel ikke, som man engang fandt, nogen Grund for os til at vrage denne korte Form eller lignende,» skriver han i 1856.

### Svenskene har fløte i munnen

Svensk språk har et særegent fortrinn – derom er nordmenn både på 1800-tallet og i senere tid enige: Det er så estetisk tiltalende – klangrikt og poetisk. Selv Garborg, som altså ergret seg grønn over svesismer, talte om at dets «kraftigere Klang hemmelig tiltaler det norske Øre».

Så hemmelig var det nå ikke, for nordmenn har gang på gang vitnet om det svenske språkets velklang og grandezza. Kristofer Randers talte således på mange vegne i 1896: «Man er fristet til at misunde dets [dvs. det svenske folks] Forfattere at de i sit Sprog – med dets aabne, fuldtonende Endevokaler og dets virtuosmæssige Udvikling gjen-nem Generationer – eier et Instrument

at spille paa, som navnlig i bunden Stil er bøieligt og velklingende som faa, og hvortil i ethvert Fald intet andet af de skandinaviske Folk kan opvise Magen.»

### Bort med alle unionsregler

Etter revolusjonen i 1905 sørget man for å justere Grunnloven etter de nye statsrettslige forhold og fjerne minnelser om foreningen med Sverige.

For eksempel hadde § 33 i November-Grunnloven fra 1814 denne ordlyden: «Alle Forestillinger om Norske Sager, saavelsom de Expeditioner, som i Anledning deraf skee, forfattes i det Norske Sprog.» I november 1905 strøk Stortinget uten noe snikksnakk (dvs. uten å følge de regler som Grunnloven selv bestemmer) ordene «om Norske Sager» (og forandret for øvrig «skee» til «ske»), men lot det avsluttende «i det Norske Sprog» stå. Tre år etterpå gjorde Stortinget kort prosess med

hele paragrafen. Den var overflødig.

Stortinget pleier ellers ikke å være nøyeregnde med sovende paragrafer, de får slumre i fred. Men i 1908 skulle og måtte § 33 bort. I den stemning av nasjonal begeistring som rådde på denne tid, kunne man ikke være bekjent av at Grunnloven, selve frihetens palladium, beholdt bestemmelser som minte om unionen.

### Godt at Bonnevie fikk slippe

Men så igjen, etter noen tiår, og især etter den annen verdenskrig, kom den styrtsjø av svenske ord og vendinger som vi nåtidsnordmenn – aldeles frivillig og uten ideologiske betenkelsigheter – har åpnet for. Spør man etter det språklige betalingsforhold, så er det således avgjort i svenskenes favør.

Det er godt at stortingsmann Andreas Bonnevie fra Kongsberg ikke fikk oppleve et slikt svenskeri.

---

## Strategikonferanse om terminologi og fagspråk

Norsk språkråd arrangerer onsdag 13. oktober i år ein strategikonferanse over ein dag om terminologi og fagspråk i Noreg. Konferansen er lagd til Forskningsparken i Oslo. Konferansen er avgiftsfri og open, men det samla talet på deltakarar er avgrensa til 50.

Føremålet med arrangementet er å setje sokjelyset på korleis arbeid med terminologi og fagspråk her til lands kan få større merksemeld og auka midlar, og korleis fagfeltet best kan varetakast og organiserast nasjonalt i framtida. Det blir innlegg med historisk og nordisk oversyn, strategisk-politiske framtidsplanar og framtidsvyar og «partsinnlegg» av representantar for produsentar, formidlarar og brukarar av terminologi på ulike område.

Sidan hausten 2001 har Noreg vore

utan ein sentral institusjon for terminologi og fagspråk. Styret i Språkrådet oppnemnde sommaren 2002 ei «nasjonal referansegruppe for terminologiarbeid». Styret ønskte å ta større ansvar for dette språkbruksområdet og å fylle det tomrommet som hadde oppstått. Språkrådet er no under omdanning, og Kultur- og kyrkjedepartementet har gjeve klare signal om at terminologi og fagspråk er eit naturleg ansvarsområde for etterfølgjar-institusjonen. Det er referansegruppa som planlegg og førebud konferansen.

Programmet for konferansen er enno ikkje heilt ferdig. Følg med på vefsidene våre utover våren og sommaren og i Språknytt. Kontaktperson: Jan Hoel, jan.hoel@sprakrad.no

# Det gode avløysarordet – «et etords digit»

---

KARI HAAVE

---

**M**ed «bil» i Norden i 100 år var titelen på ein konferanse i Bergen 18.–19.10. 2002, finansiert av språkpolitisk referansegruppe under Nordisk ministerråd, Nordisk språkråd og Norsk språkråd. *Det nordiske importordprosjektet*, leia av Helge Sandøy, stod for arrangementet. I prosjektet undersøker dei korleis moderne importord blir behandla i dei nordiske språka, både i norm og bruk. Vidare ser dei på korleis språkholdningane blir danna, og spesielt korleis holdningane til importord i Norden er. Nå ligg rapporten frå konferansen – med innleiingane – føre i ei bok, med same tittel som konferansen. Det er bidragsytarar frå Færøyane, Island, Norge, Danmark og Sverige, og boka speglar både eit felles nordisk perspektiv og meir spesielle sider ved situasjonen i kvart land.

## Historia om ein nordisk suksess

Prosjektleiar Helge Sandøy opnar med ei stutt innleiing der han tek utgangspunkt i det vellykka fellesnordiske importordet «bil», som han kallar «eit fint stykke nordisk brukskunst», som fylte 100 år i 2002. Kva vi skal gjere med dei nye orda som opptek folk? Kjem, gjer dei, og det er god morsmålsstyrking å gje nye omgrep namn som mange vil bruke og opplever som sine.

Danske Inge Pedersen dreg lin-

ja frå ein balansert puristisk Ludvig Holberg, som leiter etter danske ord først viss dei ikkje «have været 100 Aar av Moden», men «ligesom en Nation Trænger iblant til en annen Nations varer, saa trænger også et sprog til et andet Sprogs Glosen». Ho gjev døme på nyare danske avløysarord, før ho tek for seg ordet *bil*, som har gjeve namnet til denne boka. Det vart utlyst ein konkurranse i avisas Politiken i 1902 om eit godt avløysarord for *automobil*, og om framleggget *Bil* skrev journalisten at det nok var for nytt og dristig, og at ordet *Tof* var det beste. Nå tøffar ikkje bilar lenger, og siste delen av det gresk-latinske framanndordet er godt integrert i dei nordiske språka. Inge Lise Pedersen går også raskt gjennom dei ulike historiske periodane med innlån i dansk og kva holdninga folk har til innlånet.

## Avløysarorda i allmennspråket

Johan Hendrik W. Poulsen skriv om det gode avløysarordet i færøysk, og frå han har eg lånt overskrifta til denne artikkelen. Han fortel historia om korleis *pacemaker* blei til *kvíkil* i færøysk, og påpeikar at fortetting er viktig – eit ord skal vere eit «etords dikt/eins orðs ljóð». Idealet er å kome opp med ei staving mindre enn originalen! Han meiner at humor er viktig i ny-

ordsprosessen, som elles lett kan bli for gravalvorleg. På lista over gode døme danna på ulike måtar har han *telta* for *computer* og *snyril* for *spiral*.

Pia Jarvad presenterer fleire danske avløysarord og kva gjennomslagskraft dei har hatt. *Strygefri* for *non-iron* har slått an, men ikkje *biltag* for *carport*. Det fordanske ordet *nörd* har glidd godt inn.

Islandingane blir rekna som resarar når det gjeld tilpassing av importord, og Guðrún Kvaran gjev ein kort historikk før ho går gjennom dei ulike måtane å gjere det på, med kjende og meir ukjende islandske døme. Den største kategorien avløysarord er naturleg nok dei samansette, som *sjónvarp* for *fjernsyn*, *tölvupóstur* for *e-post*, *brottfararspjald* for *boarding pass*, *handsími* for *mobiltelefon* og *lárpéra* for *avocado*. Av dei usamansette er *sími* godt kjent, med utvida tyding av eit gammalt ord for *tråd*. Det nyare fenomenet *mobiltelefon* heiter *handsími*, enkelt og greit. Ho gjer også greie for korleis *þota* for *jetfly* og *tölva* for *computer* blei til.

Som ein del av det nordiske importordprosjektet legg Lars Vikør fram ei meiningsmåling om språkholdninga. Her er Finland også med, både med finsktalande og svensktalande, slik at det er sju undersøkingar i alt. Meiningsmålingsfirmaet Opinion utførte målinga i Noreg mot ca. 1000 menneske med vanleg spreiing på kjønn, alder, utdanning, inntektsnivå m.m. Spørsmåla dreiar seg om holdninga til å bruke engelsk språk til dagleg, engelske einskildord i eige språk og om kva ein vel av avløysarord når dei finst. Språk i media og engelsk som arbeidsSpråk er andre spørsmålstema. For dei

som fryktar nordisk språdød, kan det vere ei trøst at det i alle landa er motstand mot engelsk som morsmål for alle i verda, frå 62 % i Sverige til 84 % i Finland, med Noreg på midten med 72 %.

### Fagspråk og tilpassing av importord

Under temaet fagspråk skriv Helena Palm om røynslene med termgrupper i Sverige. I det ho kallar «drömetergruppen», er arbeidet initiert av eksperter med brei kompetanse, i samarbeid med terminologar med metodar og omgrep, og dei har kontakt med journalistar som kan spreie dei nye termene slik at dei blir aksepterte.

Journalist i NTB, Alf Skjeseth, skildrar kvalane dei har i hans bransje når nyhendestoffet veltar inn frå engelskspråklege nyhetsbyrå. Dei skal skrive «effektiv likefram og lite dristig sakprosa» med høge krav til presisjon, der parolen er alltid å prøve å finne norske ord. Moteord som *implementere*, *destinasjon* og *agenda* blir til iverksette, *reisemål* og *dagsorden*. Uttrykk som *never mind*, *off the record* og *you name it* flyg gjennom lufta i redaksjonen, men finn ikkje vegen til tastaturet. Nokre engelsklån er verre å erstatte, som *backbencher*, *mainstream* og *must*. Skjeseth meiner andre klisjar og fantasiløyse elles kan vere like ille i journalistspråket som eit og anna presist engelsk uttrykk.

Den svenske tilpassinga av framandord er interessant historisk sett, og Martin Gellerstam går tilbake til 1801 og Carl Gustaf Leopold, som byrja forsvenskinga av franske ord til *butelj*, *affär*, *fätölj* og *staty*. Svenska Akademiens Ordbok blei utgjeven frå 1874,

og diskusjonen om «ljudenlighet» i svensk skriftspråk går vidare fram til i dag, også når det er engelske ord som skal tilpassast. Dei etablerte *tejp*, *tajt* og *fajt* har til dømes fått følge av *rejva*, *dejta*, *blejda* og *sajt*.

Islandske Ásta Svavarsdóttir tek for seg dei fire gradane av nydanning: Direkte innlán som blir tilpassa fonologisk og morfologisk, direkte omsetjing der opphavsspråket skin igjenom, gamle ord med ny eller utvida tyding og nye heimlege ord danna utan utanlandsk påverknad.

For ein norsk leser er Johan Myking sin gjennomgang av språkutviklinga i den norske oljesektoren spesielt interessant som nær språkhistorie. Etter den vellykka og offensive fornorskinga av oljeterminologien på 1980-talet, som han kallar *domeneerobring*, følgjer på 1990-talet *domenetap*, manglende evne til å kommunisere på morsmålet på alle nivå, og deretter overgang til engelsk som konsernspråk, som han karakteriserer som *domenefråskriving*. Eit område, boreterminologien, er sortert i lingvistiske kategoriar.

Frå romanen *Svart regn* (1995) av Magnar Johnsgaard har han henta døme på engelske fagord og stilt dei opp mot normerte termar frå Norsk termbank, utarbeidde i harde komitestridrar mellom fagfolk og språkfolk. Det går altså an, sjølv om modellen, slik Myking ser de, ikkje utan vidare kan overførast til terminologiarbeid generelt.

### Nordisk eller engelsk – ja takk, begge delar?

Tarald Lie har skrive hovudoppgåva «The use of English in Norwegian

popmusic», der han spør kva som motiverer nordmenn til å synge på engelsk, og kva slags holdningar vi har til det. Her er det altså ikkje berre tale om enkeltord, som elles i ramma for konferanserapporten, men heile tekstar. Det er forska lite på dette før, og Tarald Lie har ei sosiolingvistisk tilnærming der han intervjuar artistar som Åge Andersen, Ingrid Bjørnov, Jan Eggum, Anneli Drecker og Helge Gaarder, tekstomsetjar Terje Mosnes og tekstforfattarar for Morten Harket, Håvard Rem. Det er fire motiv som utkrystalliserer seg: Tradisjon, ambisjon, intonasjon og emosjon. Idealisten vel norsk og estetikaren engelsk, median realisten og pragmatikaren står for mellomstandpunkt. Dette er godt stoff for oss som arbeider med språk i forhold til ungdomsgenerasjonen.

Artikkelen til Endre Brunstad tek oss attende til ordplanet og til det nordiske prosjektet. Ei delundersøking tek for seg utviklinga når det gjeld omfanget av moderne importord, og ikkje berre frå engelsk, i nordiske aviser frå dei same dagane i 1975 og 2000. Tidlegare undersøkingar i dei nordiske landa er refererte som bakgrunn, før nokre metodiske utfordringar ved denne studien blir drøfta. Det ferdige resultatet vil komme i 2004.

### Ordsmedar ved ambolten

Stig Johansson er svensken som forskar på påverknaden frå engelsk språk – i Noreg. Saman med Anne-Line Graedler har han gjeve ut boka *Rocka, hipt og snacksy. Om engelsk i norsk språk og samfunn* (2002). Han ser på fornorskingsarbeidet til Språkrådet litt frå utsida, og har studert korleis *kollisjons-*

*pute* og *nakkesleng* har teke innersvingen på *airbag* og *whiplash*, medan *designer* er for godt etablert, og *spinoff* og *stayer* lever sitt eige mangfoldige liv. Eitt av råda frå Stig Johansson er å sjå på mange samanhengar når ein skal leite etter erstatningsord. *E-post* er brukt nesten fire gonger så ofte som *e-mail*, men å *eposte* er det få som driv med – det blir helst å *maile*. Utfordringa er: «Tank på att ord inngår i nätverk!» Kan hende må vi leve med «kulturord» som *bagel* og *dreadlocks* (og *bacon* og *rock*?!) I Stig Johanssons *Råd för ord-*

*smeder* heiter det i punkt 15: «Godta det som inte kan ändras.»

I *Ordsmia* til Norsk språkråd går det til tider nokså heitt for seg. Jan Hoel ser på korleis nokre IKT-uttrykk svarer til definisjonen på kva eit avløysarord er. Dag F. Simonsen viser arbeidsmåten i *Ordsmia* ut ifrå diskusjonen kring orda *bagel* og *wrap*, og Anne Helene Aarflot drøftar suksesskriterium for avløysarord i norsk. *Nettlesar* er inne, *verdsveven* møter motstand.

Framhald side 25

---

## www.språkrådet.no

En viktig milepål er nådd i Verdensvevens korte historie! Begivenheten omfatter mange ulike språksamfunn og deres språk. Her på berget er det siden midten av februar mulig å registrere domenenavn med nasjonale særtategn som æ, ø, á for norsk og andre særtategn for samisk hos Norid, registreringsenheten for no-domenet. Den internasjonale standarden som gjør dette mulig, går under navnet «IDN» (Internationalized Domain Names).

Språkrådet og Sametingets språkavdeling har bistått Norid med språklige råd under arbeidet med det utvidede tegnsettet for no-domenet. De nye tegnene skal dekke bokmål, nynorsk, nordsamisk, sorsamisk og lulesamisk. I alt er det 23 nye tegn i tillegg til de tidligere standardtegnene a-z, 0-9 og bindestrek (store bokstaver brukes ikke). Se fullstendig oversikt på [http://www.norid.no/domeneregistrering/idn/idn\\_nyetegn.html](http://www.norid.no/domeneregistrering/idn/idn_nyetegn.html).

Disse tre Internett-adressene fører nå til Språkrådets vevsider:

<http://www.sprakrad.no> (gammel)  
<http://www.språkrådet.no> (ny)  
<http://www.sprakradet.no> (ny)

Vi beholder den gamle adressen inntil videre. Vi håper at brukere med norsk (eller dansk) tastatur vil ikle seg den «helnorske» bunaden, og at andre brukere vil glede seg over at den nye «etterligningen» ligger nærmere opp til rådets kortnavn.

Hamskiftet gjelder foreløpig ikke e-postadressen vår, som fortsatt er [sprakrad@sprakrad.no](mailto:sprakrad@sprakrad.no)

Vær oppmerksom på at eldre versjoner av nettlesere ikke håndterer de nye tegnene. Det kreves v. 7,1 eller nyere av Netscape Navigator, v. 7,20 eller nyere av Opera. Microsoft har lagd et lite gratis tilleggsprogram som må lastes ned og installeres før eldre versjoner av Internet Explorer støtter de nye tegnene.

# Fokus på nynorsk i opplæringa

---

ANNE STEINVIK NORDAL

---

**D**ET SISTE ÅRET har opplæringa i nynorsk som sidemål igjen vorte eit politisk tema. I 2003 fremma tre representantar for Framstegspartiet forslag om lovendring, slik at sidemålsundervisninga i skulen skulle verte valfri. Framleggget vart nedstemt i Stortinget, og statsråd Kristin Clemet sa i stortingsdebatten mellom anna: *'det tillater også gjerne at det gjøres forsøk med sidemål og gjerne med nynorsk [...] Det er ikke en unntaksbestemmelse. Det er en forsøksbestemmelse. Man kan altså ikke bare få unntak for noe man synes er overflødig, men man kan få lov til å gjøre forsøk med noe for å se om man kan få til en bedre utvikling i faget.'*

Sidan den tid har regjeringa i Stortingsmelding nr. 30: *Kultur for læring* gjort framlegg om å fjerne eksamen i sidemål i ungdomsskulen og gjere sidemålsksamten i vidaregåande skule til eit trekkfag. Dermed står vi no i ein situasjon som er heilt open når det gjeld nynorsken si stilling i skulen.

Kva har ein fått ut av denne mest hundre år lange satsinga på opplæring i nynorsk og bokmål i allmennfag i den vidaregåande skulen, og over tretti år med opplæring i bokmål og nynorsk for alle grunnskuleelevar? Opplæringa i nynorsk som sidemål har vore lite granska, men det er ei vanleg oppfatning at elevar med nynorsk som side-

mål har fått svakare karakterar i emnet enn dei med bokmål som sidemål.

Grunnlaget for tidlegare forsøk med nynorsk som sidemål har gjerne vore ulike måtar å prøve å løyse 'nynorskproblemet' på. Utgangspunktet har vore negativt på den måten at målet har vore å minimalisere nynorskopplæringa. Fleire skular har til dømes søkt om å få fritak frå skrifteg nynorsk, å ha framskoten eksamen etter ein intensiv periode med nynorskopplæring eller å ha vurdering i nynorsk utan karakter.

Slike forsøk er defensive og verkar til å redusere nynorskopplæringa. Det vert brukt metodar som ikkje er vanleg å bruke i andre fag når ein vil oppnå betre kvalitet på opplæringa. Desse forsøka er vanskeleg å grunngje med at ein skal '*få til en bedre utvikling i faget*'.

## Prosjektet 'Nynorsk som sidemål'

Prosjektet 'Nynorsk som sidemål', som Høgskulen i Volda no utformar forprosjektet til, har som føremål å forske på sidemålsopplæringa i nynorsk i skulen i dag. Dette skal vere eit forskings- og utviklingsprosjekt som skal granske nye former for sidemålsopplæring ved å initiere alternative metodar og sjå på verknad og lærингseffekt av desse endringane.

Prosjektet vil fokusere på kompet-

anseoppbygging i skulen ved å ta i bruk omgrep og modellar som skal hjelpe til å analysere praksis i sidemålsopplæringa. Ein ynskjer å utvikle norskopplæringa ved at forskarane går i dialog med lærarar i skulen og på den måten presenterer og utviklar alternative metodar. Opplæringa i sidemål må knytast opp mot arbeidet med å utvikle ein generell skrivekompetanse hos elevane, slik at dei vert betre til å skrive både nynorsk og bokmål. Å måle verknaden og læringseffekten av desse undervisningsopplegga høyrer sjølv sagt med til forskingsprosjektet. Gjennom forskingsprosjektet håper ein å få stadfesta at det ein meiner er god opplæring i nynorsk, gjev gode resultat for heile norskopplæringa i skulen

Resultata av ei endra opplæring må ein samanlikne med den opplæringa som er vanleg i skulen i dag. Karakterane som elevane får til eksamen i nynorsk som sidemål, kan sjølv sagt vere eit samanlikningsgrunnlag, men det må òg vere ei breiare vurdering som er i samsvar med metodane ein brukar i forsøket. Prosjektet skal skaffe fram kunnskap om korleis sidemålsundervisninga i nynorsk er, og korleis den kan vere. Hypotesen for prosjektet er at ved å utvikle sidemålsopplæringa til noko betre, vil det få positive verknader for heile norskfaget.

### Aksjonsforsking

Ein viktig premiss for prosjektet 'Nynorsk som sidemål' er å bruke forskings-, forsøks- og utviklingsarbeidet til å bygge opp nasjonal kompetanse knytt til undervisning i nynorsk. Dette har vore gjort tidlegare mellom anna i

PILOT-prosjektet, som Utdannings- og forskingsdepartementet har sett i gong for å bygge opp nasjonal kompetanse for bruk av IKT som reiskap i opplæringa.

I aksjonsforsking vert resultata brukt til å sette i gang praktiske tiltak under medverknad av forskaren sjølv. Forskaren kjem med forslag til endringstiltak, deltek i gjennomføringa av tiltaka, og kontrollerer verknaden av dei. Målet er å bringe den faglege eksperisen med i ein ønskt endrande prosess i undervisninga, slik at forskaren vert ein aktør i staden for ein observatør som strevar etter objektivitet.

Aksjonsforsking som aktivitet ligg i spenningsfeltet mellom å drive forsking og å medverke til utvikling i praksisfeltet. Aksjonsforsking handlar om å drive forskings- og utviklingsarbeid i samarbeid med praksisfeltet. Om grepa 'deltakarorientert forsking' eller 'praksisnær forsking' er brukande for å illustrere koplinga mellom forskarar og praktikarar og mellom teori og praksis. Forskarane må integrerast i arbeidet med utvikling av prosjektet med det som mål at støtte og rettleiing frå forskarane skal skape grunnlag for reell handling og endring i undervisninga.

- I forprosjektet vert det viktig
- å finne ut korleis ein skal etablere fellesskap mellom forskarar og praktikarar som kan vere med å skape ny fagleg-didaktisk forståing og nye handlingar i høve til betre nynorsk-opplæring
  - utvikle ein modell for aksjonsforsking som skaper felles læringsmiljø for fleire skular samtidig
  - å legge til rette for at slike felles-

skap kan lukkast med kunnskapsutvikling mellom institusjonane

Siktemålet for nynorskprosjektet er at erfaringssdeling og teoriinnspel kvar for seg skal føre til inspirasjon og ny forståing, men også at det skal forsterke og utvikle skulane sine prosjekt.

Når deltakarane får innspel, spørsmål og idear frå andre, vert dei tvinga til å reflektere over eigen praksis og gjennom denne prosessen verte meir medvitne om å finne svar på kva, korleis og kvifor i undervisninga .

### Betre sidemålsopplæring i Bærum

Som del av forprosjektet har Høgskulen i Volda vore med på eit forsøk på å styrke sidemålsopplæringa i nynorsk i Bærum kommune. Initiativet vart teke av Bærum mållag og ei gruppe lærarar frå fleire ungdomsskulalar i Bærum i mars 2003. Alle ungdomsskulane i kommunen er med i forsøket, og Bærum kommune har løyvt 100 000 kroner til prosjektet. Arbeidsmåtane og metodane i forsøket ligg tett opp til det som her er kalla aksjonsforsking.

Prosjektgruppa i Bærum sette opp fire mål for prosjektet:

- ein ynskjer å undersøkje haldingar til nynorsk som sidemål og korleis sidemålopsplæringa i praksis går føre seg hos norsklærarane
- ein ynskjer å skape eit forum der norsklærarane kan dele erfaringar når det gjeld undervisning i nynorsk som sidemål
- ein ynskjer å gje tilbod om fagleg påfyll når det gjeld nynorskundervisning
- ein vil gjere tilgjengeleg ein idébank for god sidemålsundervisning i nynorsk

Høgskulen i Volda vart kontakta for å gjere ei haldnings- og kartleggingsundersøking mellom lærarane i ungdomsskulen. Undersøkinga skulle vere grunnlag for det vidare arbeidet med styrking av nynorskundervisninga. Granskinga vart gjennomført i januar/februar i år, og 88 lærarar svarte på spørsmåla i undersøkinga. Resultata av granskinga vart lagde fram for ei samling for lærarar som er med i prosjektet, i februar, og svara vart òg brukte som grunnlag for kurs i nynorsk som sidemål, som vart avvikla i mars. Som del av prosjektet er det oppretta ein idébank for lærarane på Bærum kommune sine internetsider, der gode undervisningsopplegg, pluss generelle tips og råd om god nynorskopplæring vert lagde ut.

### Åndalsnes-forsøket

Eit anna forsøk som er med i grunnlaget for granskinga, er eit forsøk som vart starta på Åndalsnes ungdomsskule hausten 2003. Eit samarbeid mellom Noregs Mållag og Åndalsnes ungdomsskule førte til at ei av 8.-klassene ved skulen tok i bruk lærebøker på nynorsk i kristendoms- og livssynsundervisninga. Lærarane og elevane brukar nynorsk i alt skriftleg arbeid i faget, og ein håper på denne måten å styrke nynorskunnskapane til elevane, men også at elevane får meir positive haldningar til nynorsk.

Høgskulen i Volda har gjennomført ei haldningsgransking mellom elevane som har vore med på forsøket. Sjølv om forsøket har vore i gang i kort tid, tyder resultata fra denne granskinga på at elevane som er med på forsøket, alt no har vorte meir

språkmedvitne og har fått meir positive haldningar til nynorsk.

### Fokus på nynorsk i opplæringa

Utforminga av hovudprosjektet 'Nynorsk som sidemål' skal vere ferdig i vår. Kor omfattande granskinga skal vere, og kva klassetrinn ein skal konsestrere seg om, vil ein klargjere gjennom forprosjektet. Det er viktig å få fram forskingsresultat både frå grunnskule og vidaregåande skule, og ein bør granske skular i fleire delar av landet, både i byar og randsoner, slik at ein kan få fram eit stort spekter av erfaring på dette feltet.

I prosjektet er det aktuelt å samanlikne skular som har prøvd ulike måtar å styrke nynorskundervisninga på, med skular med meir tradisjonell nynorskundervisning. Ein må vurdere totale kunnskapar i morsmålsfaget, og det vil

vere viktig å få med både haldningsmål og kunnskapsmål i vurderinga.

Til slutt må det strekast under at om dette forskingsprosjektet skal verke til betre opplæring i nynorsk som sidemål, må ein halde fram med vurdering av skriftleg sidemål både i ungdomsskulen og i vidaregåande skule. Om ein tek vakk vurdering av skriftleg sidemål i ungdomsskulen og gjer det til eit trekkfag i vidaregåande skule, vert faget mindre aktuelt å drive forsøk med i skulen. Karakterar og vurdering har alltid vore viktig for kva status eit fag har, og det gjeld ikkje minst for nynorsk som sidemål. Det er viktig at ein ikkje endrar vurderinga i sidemål før ein endrar vurderinga i heile norskfaget, elles får sidemålforskinga lite å seie for å få til '*en bedre utvikling i faget*', som statsråden så tydleg har uttrykt det.

---

## På godt norsk

**campus** – universitetsområde, høgskoleområde

**cookie** – informasjonskapsel, kjeks (IKT)

**// (double slash)** – dobbel skråstrek / dobbelt skråstrek

**drawback** – ulempe

**edutainment** – leik-og-lær/lek-og-lær

**fastfood** – raskmat, gatekjøkkenmat

**feedback** – tilbakemelding

**frisbee** – skjenebrett

**fuzzy logic** – flytande logikk / flytende logikk, diffuslogikk, glidelogikk

**handsfree** – handfri/håndfri

**help desk** – hjelpeteneste/hjelpetjeneste, kundehjelp

**jetlag** – jet(t)sjuke/jet(t)syke, jet(t)ørske

**knowhow** – fagkunnskap, ekspertise

**knowledge management** – kunnskapsforvaltning

Fleire ord: [www.sprakrad.no/paanorsk.htm](http://www.sprakrad.no/paanorsk.htm)

Øvingar: [www.sprakrad.no/kupong.htm](http://www.sprakrad.no/kupong.htm)

# Avløserord i nederlandsk

---

SABINE C. ROSENHART

---

**P**ÅVIRKNING FRA ANDRE KULTURER har aldri foregått i så høyt tempo som nå. Aldri før har vi måttet finne ord for så mange nye begrep. Det kan være vanskelig å finne ord for alt dette nye i vårt eget språk, og det er derfor ikke overraskende at man ofte tar inn det utenlandske ordet i samtidig med gjenstanden, varen eller begrepet. Massemediene sørger for en rask spredning av de nye ordene. Innlån kan virke som en grei måte å tilfredsstille uttrykksbehovet på i første omgang, men medaljen har også en baksida. Langt ifra alle har så gode kunnskaper i fremmedspråk at de kjenner ordenes opprinnelige betydning. Når mengden av ord som kommer inn, blir for stor, kan mange begynne å oppfatte lånet som en trussel mot språket og seg selv. For å motvirke trusselen kan man prøve å gi hjemlige ord en ny betydning eller å lage en ny sammensetning av hjemlige ord som dekker lånordets betydningsinnhold. Ord som blir dannet på denne måten og med dette formålet, kaller vi avløserord.

Forskjellige språksamfunn har forskjellige tradisjoner når det gjelder avløserord. Noen språksamfunn tar opp betraktelig flere utenlandske ord enn andre uten å oppfatte det som noen trussel. Arbeidet med å lage avløserord er i slike tilfeller ikke noen

prioritert oppgave. I Skandinavia er det danske språksamfunnet kjent for å være minst puristisk. Andre språksamfunn er mye mer tilbakeholdne. Islendingene står høyt oppe på lista over samfunn med en sterkt puristisk holdning. Nordmenn befinner seg et sted midt imellom disse to. I denne artikkelen skal vi sette søkelyset på avløserord i nederlandsk.

## **Et nederlandsk bureau**

Nederlandsk er ganske likt norsk. Begge språk tilhører den germanske språkfamilien og har blitt påvirket av stort sett de samme långiverspråkene. Siden begynnelsen av 1900-tallet, og særlig i perioden etter den annen verdenskrig, kommer de fleste lånord fra britisk og amerikansk engelsk. De fleste avløserord som lages i dag, blir til for å kunne erstatte anglismer. Selv om likhetene mellom nederlandsk og norsk er store, har de to språkene forskjellig praksis når det gjelder avløserord.

Den nederlandske rettskrivningstradisjon når det gjelder lånord, har alltid vært å la lånordene beholde mest mulig av sin opprinnelige stavemåte. Det er flere grunner til denne praksisen, noen av dem er uaktuelle og noen er fortsatt virksomme. For det første synes mange språkkyndige på 1800-tallet

at en «altfor» nederlandsk form virket for udannet og usivilisert. Borgerskapets prestisjespråk hadde lenge vært fransk; nederlandsk hadde et mye mer folkelig preg. En annen grunn til å beholde skrivemåten var at mange mente at den opprinnelige stavemåten av lånord representerete den fremmede uttalen best. Mange av de utenlandske lydene ville det være vanskelig å gjengi på nederlandsk måte. For det tredje har det etymologiske prinsippet alltid spilt en viktig rolle. Å beholde lánordets opprinnelige skrivemåte betrakter mange som en berikelse av språket. I dagens nederlandsk finner vi derfor for eksempel *bureau*, *accent*, *chassis*, *nonchalant*, *sowieso*, *überhaupt*, *feed back*, *race*, *boarding card*. Denne nederlandske rettskrivningspolitikken vitner ikke om noen særlig puristisk holdning. I hvert fall er den mindre puristisk enn den man kjenner i Norge.

### Nederengels

Denne lite puristiske holdningen kommer også til synе når det gjelder avløserord. Gjennom årene har bare et relativt lavt antall avløserord funnet veien inn i språket. De få som pekte på farene knyttet til en altfor stor mengde av lánord på kort tid, fikk ikke mye oppmerksomhet. *De Nederlandse Taalunie*, det nederlandske språkrådet, har heller aldri satt i gang noe seriøst prosjekt for å få inn flere avløserord.

Men i de siste årene har stadig flere forstått konsekvensene av en så stor påvirkning av det som kalles «Nederengels». Langsamt men sikkert har det vokst fram en sterkere motbevegelse. Motstanden har først og fremst gjort seg

geldende i form av opptrapping av arbeidet med å lage avløserord. For det er bare gjennom å lage avløserord, og ikke gjennom rettskrivingsendringer, at det blir lettere å forstå ordets innholdsside.

### Økende motstand

Motstanden kom i første omgang fra privatpersoner som laget egne lister over engelske ord som de hadde funnet gode avløserord til. Lengden på de ulike listene er ganske forskjellig. Begrunnelsene for listene er også varierende, noen bruker et språk som kryr av krigerske ord, mens andre holder seg til en tålmodig forklarende tone. Den hittil mest omfangsrike og toneangivende lista over nederlandske ord som skal kunne erstatte engelske, ble utarbeidet av to arbeidsgrupper i 1998 og 1999. I dag jobber disse sammen under navnet *Stichting Natuurlijk Nederlands* for en naturlig nederlandsk. Hvor offisiell er så denne lista? Språknormeringsorganet i Nederland er *De Nederlandse Taalunie*. Dette språkrådet har ikke tatt initiativet til arbeidet, men støtter det. Det er derfor ikke påbudt å bruke de ordene som står på lista.

*Stichting Natuurlijk Nederlands* skriver på sin nettside at det er lett å finne anglismer, og at det er enda lettere å klage på dem. Det gjelder å ta fatt i problemet på eget initiativ. Med det som utgangspunkt inviterer de alle som er interessert, til å delta. En forutsetning er imidlertid at man tør å være språkaktiv og ikke har noe ønske om å gå tilbake til tida før engelsk fikk så stor innflytelse. Språket må ikke få et gammeldags preg, bare for å unngå å bruke engelsk. Alle som interesserer seg for dette arbeidet, kan sende inn sine forslag.

Håpet er å få med folk fra forskjellige samfunnsgrupper. Redaksjonen sender med jevne mellomrom ut lister over anglismer som den ønsker avløsere til. Framgangsmåten minner mye om praksisen i Norsk språkråds *Ordsmia*. På nettsidene til Stichting Natuurlijk Nederlands finner man tips om hvordan man kan lage avløserord, og ikke minst om hvordan man lager ord som har en rimelig mulighet til å slå an. Redaksjonen bruker mye krefter på å presentere ordlista. Man går ut til mediene og tar kontakt med bedrifter, politikere og andre talsmenn for forskjellige samfunnsgrupper for å fortelle om hensikten med den.

### Noen nederlandske avløserord under lupen

Lista *Woordenlijst Onnodig Engels* (Ordliste Unødvendig engelsk) består per dags dato av 1200 anglismer og de nederlandske avløserordene for dem. Ordene som står på denne lista, representerer en blanding av spontant oppståtte og innarbeidede ord og virkelige avløserord som her ligger framme som forslag.

Når man studerer lista, er det flere ting som er påfallende. Man kan lage avløserord på to måter. Enten så oversetter man ordet direkte fra engelsk, eller så prøver man å finne et ord eller en kombinasjon av ord som dekker betydningen av det engelske ordet, uten å være en direkte oversettelse.

Direkte oversettelser som består av bare ett ord, møter ofte mer motstand enn sammensetninger. Dersom man oversetter direkte, blir betydningen av det nederlandske ordet ofte litt annerledes enn den som er den vanlige. Det

engelske og det nederlandske ordet er med andre ord ikke helt synonyme. Betydningsavviket blir fort for stor til at folk synes at ordene er akseptable som avløserord. Noen ganger kan tida være til hjelp. *Toegang* for access har blitt ganske vanlig etter hvert. *Maatje* eller *makker* for *buddy* og *pieper* eller *zoemer* for *buzzer* er ikke innarbeidet, selv om disse avløserordene i grunnen er gode.

Sammensetninger som utgjør et direkte oversettelseslån, glir litt lettere inn i språket. *Zwarte doos* for *black box* og *sleutelkaart* for *key card* er innarbeidet. Men også her gjelder det at språkbrukerne trenger litt tid for å bli vant til den nye sammensetningen. For *beautyfarm* foreslår lista avløserne *schoonheidsboerdeij* og *schoonheidshoeve*, *bodywarmer* skal bli *rompwarmer*, for *webvertising* finnes *webvertentie*. Disse avløserordene forekommer ikke særlig hyppig, men har likevel gode muligheter til å slå an. Det ser ut til å være en fordel dersom sammensetningen lydlig minner om det engelske ordet. *Webvertentie* har sånn sett kanskje de største mulighetene for å slå igjennom.

Betydningslån er vanskeligere å lage enn direkte lån, siden man må tenke selv og ikke bare etterlikne. Mange synes at betydningslån ofte er vanskeligere å akseptere enn direkte lån fordi de nederlandske avløserordene ligger enda lengre bort fra engelsken. Terskelen for å ta i bruk slike nye ord er dermed høyere. Men betydningslån gir samtidig mange flere muligheter til å finne et avløserord som er treffende. *Klokkenluider* (en klokke/en ringer) for det engelske *whistleblower* er et framifrå funn. Av-

løserord som er korte og allittererende, er ofte attraktive.

Særlig når det gjelder sammensetninger, synes mange at betydningsslår virker tilgjorte og direkte komiske. *Happy hour* står på lista med *kortingsuurtje* (rabatt-time) eller *voordeeluurtje* (tilbudstime), *name dropping* kan kalles for *naamsnoeven* (å navneskryte), *stalken* er egentlig det samme som *dwangsgassen* (å tvangsfølge), *voicemail* kan man kalte *berichtenbus* (meldingsboks) eller *spreekpost* (talepost), *try out* er egentlig en *proefvoorstelling* (prøveforestilling). At slike sammensetninger likevel kommer inn i språket, viser det norske *datamaskin* og det nederlandske *tekstverwerker* (tekstbehandler), som ikke likner på det engelske *computer*, men begge er i bruk i dag. Å bruke norsk *ryggsekketurist* og nederlands *rugzaktoerist* for å omtale en *backpacker* er også blitt helt vanlig. *Big bang* heter på nederlands *oerknal* (ursmell).

For alle ord som er presentert på lista som nye avløserord, gjelder at de i første omgang virker fremmede og i

verste fall tilgjorte eller direkte komiske. Mange reagerer sterkt på at noen rører ved språket 'deres'. Samtidig viser det seg at ord som allerede er innarbeid, er laget på akkurat samme måten som de nye avløserordene. Det er kanskje først og fremst litt mot og tilvenning som må til for å ta i bruk de nye ordene.

### Avløserordenes framtid

Arbeidet med å lage og få inn flere avløserord i nederlands har kommet godt i gang. Selv om nederlendere ellers ikke er like puristiske i rettskrivningen sin som nordmenn, ser det ut til at de har kommet på lik linje når det gjelder å lage avløserord. Den lite puristiske holdningen finner vi likevel igjen i en litt større skepsis til å virkelig bruke de avløserordene som er laget. Framtida vil vise om holdningen kommer til å endre seg. De som vil holde seg oppdatert med avløserarbeidet, kan gå inn på nettsiden til Stichting Natuurlijk Nederlands:  
<http://www.natuurlijk-nederlands.org>

---

## Språk på nett

### Vev, vebb eller web?

Kva gjer vi med ord frå andre språk i norsk? Her finn ein mykje informasjon om avløysarord og norsk skrivemåte av importord:

[www.sprakrad.no/import04.htm](http://www.sprakrad.no/import04.htm)

på i statistikksidene til Norsk språkråd:  
[www.sprakrad.no/spraakstati.htm](http://www.sprakrad.no/spraakstati.htm)

### Sidemål

Sentrale fråsegner om sidemål frå Norsk språkråd er samla her:  
[www.sprakrad.no/sidemaal.htm](http://www.sprakrad.no/sidemaal.htm)

### Språkstatistikk

Kor mange bøker kjem ut på nynorsk? Kor mange kommunar har bokmål som tenestemål? Korleis er fordelinga når det gjeld val av málform i sjølvmeldinga? Desse og andre spørsmål finnn ein svar

### Helseføretaka og mállova

Kultur- og kyrkjedepartementet fastsette 18. mars at helseføretaka kjem inn under mállova. Kva konsekvensar vedtaket har, kan ein lese om her:  
[www.sprakrad.no/helseforetak.htm](http://www.sprakrad.no/helseforetak.htm)

# Avløysarord og tilpassing av engelske termar i spansk

---

JOHANNES NYMARK

---

**N**EOLOGISMAR (NYORD) stiller oss andsynes problem som blir løyste på ulike vis i ulike språk. Nye termar som refererer til nye omgrep, blir gjerne henta frå det språket som dominerer den teknologiske utviklinga. Dei seinaste hundre åra har engelsk vore det dominerande språket i så måte.

## **Tidsdeling** på spansk

Det er blitt eit nokså utbreidd fenomen at fleire kjøper sin del i eit husvære, som dei så skiftar på å nytta. Denne praksisen går på engelsk under namna *time-share* og *time-sharing*, og desse termane er tekne opp i andre språk i si engelske form og meir eller mindre også med engelsk uttale. På spansk er det *time-sharing* ein refererer til.

I Spania nytta ein først den engelske termen, også i samansette uttrykk: *contrato de time-sharing* («tidspartkontrakt»). Men den engelske termen er såpass framand for eit spansk språkøyre at ein snart tok til å leita etter ein eigen spansk term. Den første løysinga ein kom opp med, *multipropiedad* (direkte omsett blir det «fleireigedom»), kom i bruk nær sagt over alt i staden for *time-sharing*, *apartamento en (régimen de) multipropiedad* («tidspartileilighet») og *promotor de la multipropiedad* («PR-mann for/seljar av tidspartar»). Ein fekk tilmed avleiinga *multipropie-*

*tario* («tidsparteigar»). Men termen *multipropiedad* gir ikkje plent dei assiasjonane på spansk som *time-sharing* på engelsk, og ein såg seg difor om etter betre løysingar. Spesielt *multipropietario* fører tankane hen på ein som har mange (*multi*) eigedommar, og ikkje det som er meiningsa i vårt tilfelle.

Når diskusjonen først var i gang, blei han ikkje avgrensa berre til Spania. I Venezuela kom i 1995 *La Ley que regula y fomenta la multipropiedad y el sistema de tiempo compartido* («Lova som regulerer og fremjar tidsparteigedommar og systemet med delt tid»). Mange var likevel dei som heller ikkje var nøgde med termen *tiempo compartido* («delt tid»), sidan det ikkje var (den same) tida dei ulike eigarane delte (på spansk tyder *compartir el tiempo* å dela den same tida).

I EU, der ein strevar med å gjera termar så einsarta som råd er (språkleg og innhaldsmessig), ynta ein fram på om termen *inmueble en régimen compartido* («bustad som ein deler på»), og i 2001 innførte det spanske justisdepartementet termen (*propiedad de aprovechamiento por turno* i si rettleiing kalla *Guía sobre los derechos de consumidores en la Nueva Ley de Derechos de Aprovechamiento por Turno de Bienes Turísticos (antes denominado «Multipropiedad»)*) («Forbrukarrettleiing til den nye lova

om rettane til bruk etter tur av turist-eigedommar [tidlegare kalla «fleireigedom»].

*Immuble en régimen compartido og propiedad de aprovechamiento por turno* er no dei korrekte i formelt juridisk språk, men termene verkar så innfløkte, krøkkete og juridisk formelle at vanlege folk ikkje har teke dei i bruk. I staden har ein halde på *multipropiedad*, som i dag er den termen som er i bruk i alle andre enn juridiske samanhengar. Ein har såleis ulike termar for allmennspråket og det juridiske språket, men sams for dei to språknivåa er at ein ikkje lenger nyttar det engelske *time-sharing*, som var i bruk i starten.

### Neologismar og engelsk

Spanske språkforskarar har tradisjonelt sett hatt nærmast aversjon mot nyord som det luktar utanlandsk av, noko som blir ope erkjent i nyare utgåver av velrenomerte ordbøker, som til dømes dei seinaste ordboksutgåvene til Det spanske språkakademiet. Spesielt i Spania har tendensen til språkpurisme vore utbreidd, og her har ein alltid vore ivrig etter å finna spanske avløysarar til utanlandske ord. I den spansktalande delen av Amerika har ein mange stader vore mykje meir slepphendt, og jo nærmare USA landet ligg, jo fleire engelske ord har ein tilpassa i den nasjonale spansken.

Det såg ein døme på då ulike sportsaktivitetar blei populære utover på 1900-talet. I Spania var ein raskt ute med framlegg til spanske namn på lagidrettar, som *balompié*, *balonmano*, *baloncesto* og *balonvolea*, medan ein i spansk Amerika heilt frå starten av tok til å snakka om *fútbol*, *handball*, *basket* og *volleyball*, eller berre *volley*. Bruken tvinga etter kvart også puristane til å godta *fútbol* i heile den spansktalande verda, også i Spania, medan *volley* er i vanleg bruk i si forkorta form. *Balonmano* og *baloncesto* er i dag dei termene dei nyttar i Spania, medan *handball* og kortforma *basket* blir brukte i det spansktalande Amerika. Og det er verdt å merka seg at *-ball* i desse samansettningane blir skrive med dobbel *l* og uttalt som [l], sjølv om *ll* på spansk blir uttalt [ʎ]. I ordbøkene blir det informert om at orda på *-ball* er engelske ord.

I Spania har det i det siste halve hundreåret komme ein del ordbøker for talespråket, som ein protest mot at dei etablerte ordbøkene – og i særleg grad ordboka til Det kongelege spanske språkakademiet – ikkje tek omsyn til nye ord som dukkar opp i talespråket. I boka *Diccionario cheli* om talespråket til dei unge, dei marginaliserte og dei halvkriminelle i Madrid omtalar skribenten Francisco Umbral ein del engelske ord som har fått si både lydmessige og ortografiske tilpassing i den omtala forma for Madrid-spansk: *flai*, av engelsk *fly*, blir nytt i uttrykket *por si las flais*, som tyder «kan henda» (humoristisk, ironisk); *jai*, frå engelsk *high*, refererer alltid til «ung, attraktiv kvinne», og *la miusic*, av engelsk *music*, er den musikken ungdommen lytta til då engelsk pop også kom til Spania saman med demokratiet rundt 1980. Uttrykket *la beautiful people* kom på 1980-talet i bruk over heile Spania via filmskaparen Pedro Almodóvar, seinare kom det også i Latin-Amerika som eit ståande uttrykk folk

nytta satirisk om dei rike og vellukka høgst oppe i det sosiale hierarkiet.

### Språkrøkt

I tillegg til filologar og språkforskarar finst det i spanskspråklege land også andre vitskapsfolk som står for den daglege språkrøkta. Språkforskarar blir tilmed inviterte på kongressar for spesialistar for å snakka om fagspråk. Translatören Joaquín Segura er ein av desse, og i ei forsamling med legar fann han ut at termene *scanning* og *imaging* har sine fullverdige ekvivalentar på spansk, som *imaginología* (neologisme) eller *estudio de imágenes*: *We need to do a scan* kan såleis omsetjast til spansk med *Necesitamos hacer un estudio de imágenes*.

Same Joaquín Segura peiker på ei rekke tilfelle der spansk er blitt forureina (han nytta sjølv denne termen) av engelsk, og nemner desse mellom dei vanlegaste i vitskapleg fagspråk: *tópico* (frå engelsk *topic*) i staden for *tema* eller *asunto* (*tópico* finst på spansk med ei anna tyding: «triviert, daglegdags uttrykk»); engelske *to result in* blir i fagspråk og elles gjerne omsett med *resultar en*, medan *dar por resultado* eller *tener como consecuencia* er gode, innarbeidde uttrykk på spansk; *severo* frå engelsk *severe* har fått utvida sitt semantiske felt til også å gjelda personar og ikkje berre ting, slik tilfellet er på tradisjonelt korrekt spansk; og anglosismen *randomizar* vil språkrøktarane ha erstatta med *designar al azar* («ta ut på mafå»).

Translatören Segura nemner like eins at den slappe språkbruken også gjer at ein på spansk får langt meir passivkonstruksjonar under innverk-

nad frå engelsk. På spansk er det mykje vanlegare med aktive setningar eller konstruksjonar med såkalla passiv refleksiv. Segura omtalar eit fenomen ein ofte gløymer når det gjeld engelske termar: Han er kommen til at det i engelsk kjem 25 000 nye termar kvart år, og rundt rekna tredjedelen av desse blir tekne med i ymse ordbøker. Eit slik enormt tilfang av neologismar vitnar om at det blir gjort mange innovasjonar og oppfinningar i engelsktalande land, noko som set andre språk i ein vanskeleg situasjon, «... ein har nesten ikkje tid til å tenka på kva termar ein skal setta på dei på spansk,» kommenterer Segura.

### e-mail, correo eller emilio?

Trass i dei nær sagt uoverstigelege hindera ein møter når ein leiter etter eigne termar for engelske, er ein på spansk ihuga etter å finna nye termar, også på dei områda der nyvinningsane er flest og nyorda nærmast står i kø for å bli adopterte, som til dømes innom data og økonomi.

Den engelske termen *e-mail* er blitt etterapa på spansk som på norsk, med ymse resultat når det gjeld uttale: den første vokalen blir uttalt [e] eller [i], alt etter kor mykje engelsk den talande kan. Den fullstendige og litt omstendelige omsettinga er *correo electrónico*. *Correo* er på spansk eigentleg ordet for «post», men det blir no òg nytta i tydinga «e-post», og i ei setning som *gracias por tu correo* («takk for e-posten din») er det nokså eintydig, dersom kommunikasjonen går føre seg elektronisk via nettet. Likevel er det gjort framstøytar for å finna enklare spanske termar, som til dømes *emilio* (frå

mannsnamnet *Emilio*), som lydleg ligg nær e-mail og gir uttrykk for den nær sagt barnslege gleda mange har av å leita fram løysingar tufta på heimleg grunn.

Innan økonomisk fagspråk går det også føre seg ei rivande utvikling, som det ikkje alltid er så lett å halda tritt med. Dei mest brukte orda blir gjerne omsette, men av og til kan det bli eit demokratisk problem at viktige termar ikkje blir omsette og difor ikkje forstått. Den store utanlandsgjelda som mange latinamerikanske land har, gjer at dei gjerne må ta opp kort-

siktige lån for å kunna betala renter: *crédito stand-by* blir dette kalla, med ein term som folk flest ikkje forstår og ekspertane ikkje er samde om meiningsa av. Termen har ein freista å omsetje til spansk med *crédito puente* (*puente* tyder «bru»), men somme hevdar han er ei omsetting av *bridging loan* (*interim* eller *intermediate loan/credit*) og ikkje av *stand-by credit* (*advance commitment*, ei slags førehands-tilsegn om lån).

Det finst såleis dei som også har interesse av å halda på dei engelske termane!

---

### Frå side 13 ... *Det gode avløysarordet* ...

For dei som er opptekne av språkutvikling og språkrøkt, er dette ei lærekrik, interessant og morosam bok. Norsklærarar som eg sjølv kan finne gode og artige døme på korleis dei gjer det i andre nordiske land. Vi kan også sjå fram til fleire rapportar frå importordprosjektet. Synet på kva som er gode avløysarord – eittords

dikt – og fornorska skrivemåtar, er like delt som synet på kva som er god og dårleg lyrikk. Somme av deltakarane i vår heimlege *beiken*-debatt, som ikkje såg noko poetisk i det nye ordbiletet, kunne ha lært mykje av å lese bøker som dette. Men det er vel for mykje å håpe på.

---

### Fra side 33 ... *Behovet for* ...

Med slike holdninger til engelsk språk er det et behov for å avlive myter om at enkelte språk er overlegne andre språk. Et kurstilbud i engelsk bør derfor for eksempel omfatte en diskusjon rundt faktiske og mer «følte» egenskaper ved det engelske språket. Det er også nødvendig med mer kunnsskap om hvorfor og hvordan det engelske språket har oppnådd sin inter-

nasjonale status, og også om de ulike forståelsesrammene som engelsk som internasjonalt språk har blitt analysert innenfor. Dette er et langt lerret å bleke, men en slik kunnskap vil gi et mer nysert bilde av engelsk som internasjonalt språk, noe som gir den enkelte språkbruker mulighet til å forholde seg mer reflektert til både bedriftens og egne språkvalg.

# Det høgtidssame – bygdemål og landsmål

---

JARLE BONDEVIK

---

**K**AN EIN DIALEKT brukast til alle slags tekstar? Eller krev somme tekstar eit særskilt språk? Ja, slike spørsmål kom fram på 1800-talet då somme menneske her i landet ville ha alternativ til det gjengse skriftspråket. Særleg aktuelt vart det når bibel- og kyrkjespråket kom på tale. Der rådde ein høgtidssam stil med eit framandvore ordtilfang. På den tida hadde ikkje mange særnorske ord kome inn i bibletekstane, bibelspråket var felleseige med danskane, og folk flest tykte det høvde med eit språk som ikkje hadde mykje med daglegspråket deira å gjera. I kyrkja gjekk dei inn i eit anna rom, og språket der skulle vera opphøgd over kvardagen.

## Talemål – folkemål

Men likevel var det folk som meinte at dei kunne gå inn i dette rommet med kvardagsmålet sitt, og det byrja å koma små prov på dette. Før landsmålet hadde etablert seg, var det ikkje fåe tekstar frå Bibelen som vart omsette til ei språkform som var tufta på eit bygdemål. Så stor merksemad hadde desse tekstane fått at då Stortinget tok bibelomsetjinga til nynorsk føre seg i 1881, forma dei vedtaket slik at det skulle tekkjast så mange som råd var av stortingsmennene. Vedtaket hadde denne ordlyden: «Med Hensyn til Sprog-

formen er det Samlagets Mening, at Ivar Aasens Norm i alt væsentlig bør følges, samt at Sproget bør lægges saa nær ind til det nuværende Tale-sprog som mulig er uden at der stødes an mod den bibelske Sprogttones Verdighed.»

Dette noko uklare vedtaket vart 'kvalitetssikra' ved at kyrkjedepartementet skulle godkjenna omsetjarane og kontrollera dei omsette tekstane. Så hamna då den offisielle omsetjinga av Det nye testamentet trygt i Aasens fang. Men då omsetjinga kom ut i Kristiania i 1889, hadde tittelen framleis minne om det tvitydige i stortingsvedtaket: *Det nye Testamente. Umsett fraa den greske Grunntekst paa norsk Folkemaal og utgjevet med Statskostnad av Det norske Samlaget.*

## Bibeltekstar på bygdemål – frå Romsdalen

Før ein kom så langt i omsetjingsarbeidet, hadde mykje hendt. Tidleg ute var romsdalingen Iver Brovold (1823–1910), lærar og kyrkjesongar i Tresfjorden. Han hadde laga nokre omsetjingar av to tekstar til heimdalekten sin, tresfjordmålet, av to stykke frå evangelia, og i 1853 vart dei trykte i eit stykke i *Morgenbladet* av soknepresten i Vestnes, O.T. Krohg. Likninga om farisearen og tollmannen og forteljinga om då

Jesus metta fem tusen, er omsette i ei målform som er ei brukeleg attgjeving av talemålet i Tresfjorden. Her er det palatalisering av lang *k*: *Fjeille*, og av lang *n*: *dein*, og her er dativen teken med: *I fasta two Gaange i Veken* (dativ: *Veken*). Saman med eit omsett vers frå fyrste salmen i *Evangelisk Psalmebog* skulle desse tekstane syna at også eit bygdemål hadde sin verdi og sin venleik.

#### - frå Telemark

I 1870-åra fekk Aasen-målet auka tevling frå slike som ikkje ville retta seg etter ein landsnormal, men lata bygdemåla koma fram i skrift. Alt i 1871 kom ei rein målføreomsetjing av eit heilt bibelskrift. Det var Johannesevangeliet, som juristen Werner Werenskjold gav ut på vesttelemål. Werenskjold hadde den føremonen at telemålet var kjent gjennom folkeviseutgåvene til Sophus Bugge og M.B. Landstad, og hadde fatt status ut over bygdene i Telemark. Så vidt eg kan døma om det, har Werenskjold skapt ei fin omsetjing. Her er ingen pratande lågprosa, men ein noko høglagd stil som høver til evangelieteksten. Det finst nokre uttrykk som Werenskjold har teke frå folkevisene, og som truleg ikkje var vanlege i talemålet på den tida, til dømes dativ i uttrykk som «av sonno» (dativ fleirtal av *sann* adj. ‘i sanning’) og «at Hondo» (dativ fleirtal av *hand* hokjønn ‘i hendene’). Werenskjold ville gjera rett og skil til båe kantar: til dialekten, som han ville gje att «som den lever paa Folketungen», og til det religiøse språket, som kravde «Omsorg for Arbeidets høiere praktiske Interesse».

#### - frå Sunnmøre

At Olaus Fjørtoft (1847–78) også laga prøver på bibelomsetjingar, er vel ikkje så mange klår over. Fjørtoft var studentradikalar og var stadig i ordskifte med den leiande flokken i Det norske Samlaget. Han ville gjerne ha religionslærebøkene i ei målform som låg nær talemålet til borna i bygdene. Sjølv skreiv han ikkje slike bøker, han meinte det var best at borna gjekk rett til Bibelen: «Jesu Tala og Samtal bore vera samla før seg sjøl og dæ bore vera Læreboka, me skulde ha i Skulen,» skriv han i *Fram*. I denne samanhengen kan vi sjå omsetjinga hans av bergpreika, som han sende ut som tilleggshefte til bladet *Fram*. Tittelen på heftet var *Jesu talar. Han skal sjol tale*, og det kom i 1871. Der la han fram denne sentrale og kjende teksten frå Bibelen på si vanlege målform, som ikkje likna særleg på Aasen si form. Fjørtoft stryk gjerne bokstavar som ikkje vert uttala, så her heiter det *aue* (auge), *ore* (ordet) og *jora* (jorda), og han bruker pronomenformene *de*, *dokker* og *dokkar* i 2. person fleirtal.

Men heller ikkje her kan ein tala om lågprosa. Ordvalet høver i den jamne prosastilen – utan ord med særleg høg stilverdi. Eit døme frå Matt. 5, 15: «Ein kveikjer holder inkje eit ljós og set det op under ein saa, men paa ein stake, og daa skin det fyr alle dei, som er inne i stova.» Fjørtoft omsette òg ein profettekst frå Det gamle testamentet. Skriftbiletet i tekstane til Fjørtoft var nok eit hinder for lesarane og gjorde at han ikkje kunne kommunisera så godt med dei. Men ein anar ein nærlieik til innhaldet som gjer godt. – No fekk Olaus Fjørtoft ei stutt levetid, og han

er ute or soga når arbeidet med omsetjinga av Bibelen til nynorsk byrjar for alvor.

#### - frå Trøndelag med bibelsoge

På det pedagogiske området kom ein ivrig aktør frå bygdemålssida med i diskusjonen om språket i religionsbøkene. Det var trønderen Olav Jakobsson Høyem (1830–99). Han sende ut to katekismer i 1870-åra, med ikkje så fåe bibeltekstar. For alvor kom diskusjonen om arbeida hans i gang då han gav ut ei omsetjing av ei dansk bibelsoge i 1881. Det bør poengterast at siste boka ikkje er ei *bibelomsetjing*, med ei *bibelsoge*, tilmåta undervisninga i folkeskulen. Høyem, som var folkemålstilhengjar, og som hadde si eiga rettskriving og sine eigne former, fekk inga varm mottaking. I *Fedraheimen* skreiv Garborg om boka, og det vart ein lengre diskusjon der det vart reist prinsipielle spørsmål om korleis ein bibeltekst skulle sjå ut – anten han no var mynta på born eller vaksne. Garborg tykkjer ikkje at Høyem kunne takast som noko føredøme i bibelomsetjing: Høyem hadde ei folkeleg løysing som var for folkeleg. «Men denne folkelege Vegen er sleip og faarleg. Det er tidd berre eit Hanestig millom det 'Folkelege' og det 'Flate', og di høgare Emne Ein skriv um, di lettare kan ein glida ned,» slik skriv Garborg. – Ikkje alle hadde same synet som han, dei meinte at Høyem hadde ráka talestilen bra, og det høvde i ei bibelsoge.

#### - frå Østerdalen

Eit anna namn som bør nemnast i denne samanhengen, er Ivar Mortensson-Egnund (1857–1934). Som teolog og

forfattar var han særleg interessert i tekstanane i Det gamle testamentet, og han byrja å prenta korte stykke frå Salmane og frå andre gammaltestamentlege bøker i bladet *Fedraheimen*. Mortensson-Egnund lika å vera frikar på mange måtar, også i språkvegen. Han skilde seg ut frå dei som helst ville følgja Aasens normal. Han bruker a-former som i *Jorda og Bonna*, kløyvd infinitiv (som *vera*, på -a, men *kaste* på -e), og han sløyfar ofte stumme konsonantar som i *Sta* (stad), *Hovu* (hovud) og *Moe* (møde), like eins skriv han *Folke* (folket). Men Mortensson-Egnund gav bibeltekstane ei poetisk form. Det han omsette av Salomos Ordtøke, kan kallast ei attidiktning, med ei strofeform som er henta frå gamlestevet. Nokre av desse strofene kom inn i leseboka som Garborg og Mortensson-Egnund gav ut saman, i 1885. Eitt døme frå Ordtøka:

*Den, som liter paa gods og gull,  
skal enda med sorg og kvide;  
men den, som gjeng paa rettferds veg,  
skal bløma som lauv under lide.*

Det var kanskje ikkje så merkeleg at somme tykte at Mortensson-Egnund hadde 'fornorska' den hebraiske poesien vel mykje. I ein seinare periode omsette Mortensson-Egnund nokre tekstar til 1921-bibelen.

Noko i same leia som Mortensson-Egnund gjekk Alexander Seippel, som omsette store delar av Bibelen, men det høyrer neste hundreår til.

#### - frå Gudbrandsdalen

Eit eineståande innslag i norsk bibelomsetjing er Georg Sauerwein (1831–

1904), frå fyrsten heimehøyrande i Tyskland, men seinare busett på Dovre og i Kristiania. Han hadde ein særgevnad for språk, og arbeidde med omsetjing av Bibelen til m.a. madagassisk, kabylsk, armenisk, bulgarsk, polsk og portugisisk. Ein stor biografi om han er skriven av Oskar Vistdal. Der står det at Sauerwein arbeidde med 75 språk. Sauerwein gav ut ei diktsamling på dovremål, og der finn vi omsetjing av nokre av Salmane.

*Som Hjorten, ette Vatnom tyst,  
Ette Bækkjom sine skrik,  
Saa Sjæle mi, i Sorg aa Lyst,  
Ette Gud, paa Naade rik.*

Desse linene syner at Sauerwein meistra dølamålet òg, i formverket er han heilt sikker, skriv Andreas Bjørkum, som har teke for seg målet i diktsamlinga.

Nokon særleg innverknad på omsetningsarbeidet her i landet fekk nok ikkje Sauerwein. Han må likevel reknaust som ein av dei som prøvde korleis eit bygdemål høvde for bibelske tekstar.

#### **– Frå Nord-Noreg**

To andre omsetjarar skal takast med, A.M.St. Arctander (1847–1919) og Leonhard Næss (1855–1940). Arctander om-

sette Peters fyrste brev og Næss m.a. Johannes' fyrste brev. Språket hjå Arctander er nokså særeige, med former som ingen andre brukte. Han syner ordskapande evne, med ord som *sendemann* (apostel) og *spådomsmann* (profet). Arctander fekk helst kritikk for arbeidet sitt. Næss følgjer Aasen-normalen tettare enn dei andre som er nemnde ovanfor, og han vart seinare med på å omsetja tekstar til 1921-bibelen.

#### **Sluttord**

Dei omsetjarane som er omtala her, kom frå mange kantar av landet, og det syner breidda det var i den rørsla som ville ha eit bibelmål som låg næra deira eige talemål.

Det vart elles den offentlege omsetjinga av Det nye testamentet (1889) som kom til å verta mørstergjevande for nynorsk bibelomsetjing. Men alle dei forsøka som vart gjorde på 1800-talet, var med å syna at Bibelen kunne lesast i ei anna språkleg utforming enn i den tradisjonelle 'skriftsprogsteksten'.

Mange av omsetjingane frå 1800-talet vart publiserte i dei nynorske blada, slik som *Ferdamannen*, *Fedraheimen* og *Nordmannen*, og var med på å allmenngjera bibeltekstane og gje prestisje til den målforma som vart nytta.

---

## **Negerbullar måtte få nytt navn**

To bakere i Sjöbo i Sverige må forandre navnet på sine *negerbullar* til *sjokobullar* etter at de har fått det svenska diskrimineringsombudet på nakken.

Dagbladet 11.3.04

# Behovet for økt engelskkompetanse i norsk næringsliv

---

ANNE KRINGSTAD GRØNVIK

---

**E**NGELSK HAR de siste 10–15 årene blitt mer og mer vanlig som konsernspråk i norske bedrifter. Det som har vært typisk for innføringen av engelsk i næringslivet i Norden, er at den har skjedd uten store innvendinger. Kan dette skyldes at de ansatte innenfor denne sektoren føler seg relativt kompetente i engelsk? Hva slags engelskopplæring er det behov for i norske bedrifter?

I november 2003 avsluttet jeg arbeidet med hovedoppgaven min om bruk av engelsk i norsk næringsliv «*Ja, der har vi ikke noe valg, det er jo ikke noe alternativ.*» En kasusstudie av en norsk bedrift med engelsk som konsernspråk. Studien er basert på intervju med ansatte i en norsk bedrift, og informantene redegjorde blant annet for når de bruker engelsk, hvilke holdninger de har til å bruke engelsk, og hvordan de vurderer sin egen engelskkompetanse. Denne artikkelen har sitt utgangspunkt i det siste punktet.

Flere av informantene pekte på ulike problemer og utfordringer ved engelskbruken, men bagatelliserte problematikken. De mente at kommunikasjonen stort sett gikk greit, og at de i all hovedsak kunne nok engelsk til sitt bruk. Det er heller ikke en uvanlig oppfatning at nordmenn generelt behersker engelsk godt. Jeg vil imidlertid hevde at det ikke er så klokt å slå seg til ro med at man har «bra nok» kompetanse i engelsk. Et problem ved det er nemlig at man ikke blir nok oppmerksom på flere viktige aspekter ved internasjonal språkbruk.

Å beherske engelsk, eller hvilket som helst annet fremmedspråk, innebærer mye mer enn bare å finne de riktige ordene og sette dem i rett rekkefølge – selv om det i seg selv er nokså krevende å få til. Å kunne et språk handler ikke minst også om å kjenne til den *sociolinguistiske sammenhengen* språket hører til i og brukes i.

## Gjensidig forståelighet mellom ulike engelsker

Ifølge D. Crystal er det mellom 1,2 og 1,5 milliarder mennesker som behersker engelsk mer eller mindre godt. Siden det aldri har eksistert noe «språkråd» i Storbritannia eller USA med mandat til å legge føringer for den nasjonale eller internasjonale bruken av engelsk, har dialekter eller varieteter fått utvikle seg relativt fritt i ulike deler av verden. I tillegg har det vokst fram en engelskvarietet som ikke er knyttet til geografi, nemlig «English for special purposes». Dette er en språkform som man spesielt ser i bruk i europeisk forretningsliv.

Man vil gjerne tro at når man bruker

engelsk som internasjonalt språk, er man på like fot i kommunikasjonen. Det er dessverre ikke så enkelt. Når engelsk tas i bruk et nytt sted i verden, vil språket i stor grad preges av den spesifikke lokale konteksten den brukes i. Derfor vil for eksempel en brasiliansers engelsk være noe forskjellig fra en nordmanns.

Flere av informantene i undersøkelsen min kunne i tråd med dette fortelle at det ikke alltid var så lett å forstå *motpartens* engelsk. Informantene pekte på at for eksempel sterkt aksent, feil bruk av ord eller ulikt innhold i engelske ord kunne skape misforståelser.

Gjensidig forståelighet dreier seg imidlertid ikke bare om å forstå hverandres *uttale*. Når en fra Singapore snakker engelsk med en fra Norge, legger begge en kulturell kode inn i språket. For å oppnå god kommunikasjon må man derfor kjenne til sin egen – og den andres – koder. Ifølge Jon Vea, direktør for Internasjonal seksjon i NHO og Saphinaz Amal Naguib, førsteamanuensis ved Institutt for kulturstudier ved Universitetet i Oslo, har norske bedrifter et enormt behov for kunnskap om landene de skal etablere seg i. De hevder at nordmenn generelt har for liten kunnskap om fremmede kulturer, og at nordmenn på forretningsreiser i utlandet oppleves som både arrogante og kunnskapsløse.

Med den mangfoldige «internasjonale» engelsken vi har i dag, er det derfor viktig å lære om kulturelle ulikheter som reflekteres i atferd og språklige mønstre. En slik kulturkunnskap vil gjøre det mulig å justere holdninger og atferd raskere – og dermed oppnå en

bedre kommunikasjon. Den kulturelle kompetansen må ikke bare begrenses til synlige aspekter ved kulturen (organisasjonsstrukturer og administrasjonsystemer i Øst-Asia er relativt like de vestlige); kulturkunnskapen må nettopp også inkludere allmenne aspekter, som for eksempel verdenssyn, tro, holdninger, verdier og normer.

Et kurstilbud i forretningsengelsk bør altså ha med kunnskap om både hvordan vår egen og *motpartens* kultur trekkes inn i det engelske språket. Opplæringen må da klargjøre hvordan kulturelle «nøkkelord» eller språklige kulturelle mønstre (som for eksempel høflighetsfraser) markerer seg i den engelsken som snakkes eller skrives.

### Makt – en ubalanse

I tillegg til at engelsk er et *internasjonalt* språk, er det også et *nasjonalt* språk. Morsmålsbrukerne behersker naturligvis engelsk godt, og slipper å lete etter ord når de kommuniserer internasjonalt – noe som gjør dem «overlegne» andre som bruker engelsk. Det er stor konsensus om at amerikansk og britisk engelsk er de mest korrekte varietetene av språket. Det er heller ikke uvanlig at de som snakker engelsk som morsmål, evaluerer «ikke-engelske» trekk i de andre engelskvarietetene rundt om i verden negativt. Språkforskeren Ammon refererer for eksempel en bemerkning fra en engelsktalende medkoordinator i European Science Foundations om at tyske professorer hørtes ut som babyer når de snakket engelsk.

En av informantene i undersøkelsen min nevner også at det ikke nødvendigvis er så lett å kommunisere med

noen som har *engelsk* som morsmål, siden de snakker fortore enn de som bruker det som fremmedspråk. De fleste i undersøkelsen min syntes likevel det var greit å kommunisere med dem som har engelsk som morsmål, siden de snakker mer «bent frem», som en av informantene mine sier det. Men gjør de egentlig det?

En undersøkelse som illustrerer godt at man spiller på «språklig bortebane», et uttrykk jeg har hentet fra språkforskeren Tove Bull, er Bülow-Møllers undersøkelse av forretningsforhandlinger på engelsk mellom amerikanere, britter og dansker. Bülow-Møller fant ut at de som snakket engelsk som morsmål, i mye større grad behersket og vekslet mellom et uformelt og formelt register av «power moves» (makttrekk), mens danskene som snakket engelsk, ikke brukte slike avanserte språklige strategier.

Eksempler på slike makttrekk er at britene i forhandlingene snakket i lange ytringer og siterte motparten – noe som ikke først og fremst ble gjort for å belyse felles ståsted, men for å ikke la motparten «sno seg unna». Hun fant også ut at britene redefinerte ord og omtolket motpartens innspill, slik at innholdet ble nytt. Disse teknikkene indikerer en strategisk og kontrollerende bruk av gitt og ny informasjon og var spesielle for britiske språkbrukere – de brukte det taktisk for å få motparten med på sin egen tankegang. Når danskene forhandlet seg i mellom på dansk, refererte også de til hverandres utsagn – men de begrenset seg til å repeteret det som ble sagt, framfor å synonymisere utsagnene. Danskenе gikk ikke inn i innholdet i frasene

på samme måte som britene gjorde.

For å oppnå noe jevnere kommunikasjon med engelske morsmålsbrukere, må kompetansen i britisk, eventuelt amerikansk engelsk naturligvis økes. Ammon hevder at vi må *bo* i et engelskspråklig land for å kunne komme i nærheten av morsmålsbrukernes språkkompetanse. De færreste bedrifter har råd til å sende ansatte til utlandet på langvarige språkkurs, men det man *kan* og *bør* gjøre noe med, er å øke kompetansen i så stor grad som mulig gjennom å bruke tid og ressourser på engelskkurs.

Informantene i min undersøkelse hevder at de er relativt fortrolige med å bruke engelsk siden de er godt kjent med engelsk fagspråk fra studietida. Noen peker også på at de er vant til å tilegne seg ny kunnskap gjennom å lese engelske fagtidsskrifter, journaler og bøker. Men det er ikke automatikk i at en slik reseptiv språkkunnskap fører til at man kan bruke språket aktivt, skriftlig eller muntlig.

Et interessant alternativ til den mer tradisjonelle språkopplæringen kan derfor være det som kalles tandem-kommunikasjon. Dette er en modell som bidrar til at «makttubalansen» jevnes ut. Ved Høgskolen i Østfold leder André Avias et Leonardo-prosjekt som har som målsetting å bedre kommunikasjonen mellom bedrifter og organisasjoner med internasjonale forbindelser. Det er svært krevende å oppnå høy kompetanse i en aktiv bruk av et fremmedspråk, og derfor fokuserer denne modellen på å lære å *forstå* motpartens språk, i dette tilfellet engelsk – samtidig som man bruker sitt *eget* språk aktivt. I forretningsforhandling-

er vil da begge parter gjennom tandemkommunikasjon kunne møte motpartens taklinger og innspill – på «hjemmebane».

Den største utfordringen ved denne modellen vil imidlertid ikke være å få nordmenn til å øke sin kompetanse i engelsk språk og kultur eller å ta i bruk eksisterende eller utvikle nye norske fagord. Utfordringen ligger i å få dem som har engelsk som morsmål, med på tankegangen. Slik det er i dag, opplever engelske morsmålsbrukere at de strengt tatt ikke behøver å lære seg noe annet språk. Nettavisen Guardian Unlimited for 20.2 2001 viser til EUundersøkelsen «Europeans and Languages» som forteller at 66 % av den britiske befolkningen ikke behersker andre språk enn engelsk. I kontrast til dette viser rapporten at 74 % av britene mener at å lære et fremmedspråk er nyttig, og rundt 70 % mener at alle andre i Europa bør kunne snakke engelsk.

### Prestisjespråket

Språkforskeren A. Pennycook er en av dem som tydelig har stilt seg kritisk til at en ofte innen forskning på engelsk som internasjonalt språk har betraktet det engelske språkets ekspansjon som naturlig, nøytralt og nyttig for resten av verden. Denne ensidige fokuseringen skyldes en «selvsagt» oppfatning av at engelsk som internasjonalt språk er et udiskutabelt gode. Engelsk betraktes som døråpner til ressurser og goder – det å bruke engelsk blir nøkkelen til innflytelse og muligheter. Språkforskeren R. Phillipson mener at det nærmest erkjennes som «sunn fornuft» at engelsk er et språk med

mange indre, ytre og funksjonelle egenskaper, overlegent alle andre språk. I undersøkelsen min fant jeg mange eksempler på slike holdninger; det engelske språket ble langt på vei ansett som en udiskutabel og fornuftig løsning i internasjonal kommunikasjon. Flere mente også at engelsk er et språk som sender ut positive signaler mot det internasjonale markedet. Brit Mæhlum påpeker i en artikkel i Samtiden nr. 4/2002 at engelsk har blitt et symbol på framskritt, og at det å bruke engelsk er et tegn på at man «følger med i tiden». Hun påpeker at innenfor denne forståelsesrammen har det utviklet seg myter om at engelsk er synonymt med menneskelig framgang, utvikling, modernisering og globalisering.

Inger-Lise Schwab har funnet eksempler på slike holdninger i sin undersøkelse av språkbruk blant norske studenter ved MBA-programmet (Masters of Business Administration) på Bedriftsøkonomisk institutt. Studentene i undersøkelsen mente at bruk av forretningsengelsk utpekte dem som del av et internasjonalt miljø i besittelse av en ettertraktet kompetanse. At de virkelig *kommuniserte* sin kompetanse på engelsk, virket å være noe underordnet. En av studentene i undersøkelsen fortalte at han jobbet med en oppgavebesvarelse som inneholdt mange engelske, tekniske fagord, men som han innrømmet ikke hadde noe egentlig innhold. Med engelskens status i Norge, trodde han likevel at han kunne klare å imponere fremtidige arbeidsgivere med å briljere med engelske fagterminer.

Forts. side 25

# Haldningar til engelsk

---

RAGNHILD LJOSLAND

---

**E**IN HØYRER OFTE at det har vorte så mykje engelsk i samfunnet. Engelsk «spreier seg» og «øver press» på norsk, kan ein lese t.d. i *Plan for styrking av norsk språk*, som er utgjeve av Norsk språkråd. Ein samfunnssektor der engelsk har ein stor plass, er universitets- og høgskulesektoren. Både i forsking og undervisning har det vorte meir vanleg med engelsk dei siste åra. Frå ein byrjar å studere er store delar av pensum på engelsk, og i nokre tilfelle er også førelesingane det. Mellom forskrarar er det no mykje meir vanleg å publisere på engelsk enn på norsk. Dei siste 20 åra har delen publikasjonar skrivne på engelsk av norske forskrarar auka frå 62 til 71 %. Av doktoravhandlingar var 81 % på engelsk i 2001. I arbeidet med hovudoppgåva mi, *Engelsk som akademisk språk i Norge. En domenetapsstudie*, vona eg å finne ut meir om kva for mekanismar som ligg bak, når så mange forskrarar vel engelsk, og ikkje norsk. Eg intervjuja 14 doktorgradsstudenter om dette.

Ein premiss i undersøkinga mi var at språk ikkje går ut av bruk heilt av seg sjølve. Språk er ikkje levande organismar, og kan ikkje «døy ut» eller «presse ut» kvarandre for eigen maskin, slik ein ofte kan få inntrykk av. Dersom det er slik at norsk er i ferd med å gå av bruk i universitets- og

høgskulesektoren eller på andre område av samfunnet, så er det i så fall på bakgrunn av *handlingar* som vi nordmenn gjer, og ikkje på grunn av nokon eigenskap ved norsk eller engelsk språk i seg sjølve. Kvar gong ein forskar skal skrive eller seie noko, må han eller ho velje kva for språk det skal skje på. Når mange forskrarar i mange situasjonar vel å handle *likt*, er det vi får sjå, utslaget av handlingane deira på samfunnsnivå. I dette tilfellet er utslaget det som vert kalla *domenetap* for norsk: Språket vårt er næraast i ferd med å gå ut av bruk i forskinga. Skal ein forstå korfor domenetap skjer, må ein altså forstå motiva for dei handlingane som ligg bak.

Det er sjølvagt mange ulike motiv og årsaker som ligg bak for forskarane når dei vel å skrive på engelsk. Nokre er reint praktiske grunnar: Kanskje deltek dei i eit større prosjekt med medarbeidarar i mange land, eller kanskje har dei ein oppdragsgjevar som vil ha rapporten på engelsk. Universiteta her i Noreg legg òg i nokre tilfelle føringar for kva språk som skal brukast. Til dømes blir doktorgradsstudenter i teknisk-naturvitkapelege fag ved NTNU i Trondheim oppfordra av universitetet til å skrive på engelsk. Ein annan grunn kan vere at forskaren ønskjer å bli publisert i eit engelsk-

språkleg tidsskrift. Mange skriv på engelsk «for sikkerheits skuld», dei ønskjer å kunne bli lesne av så mange andre forskarar som råd, anten dei forstår norsk eller ikkje.

Men det finst òg grunnar som ikkje er praktisk motiverte. Dette er grunnar som er meir «usynlege», dei er vanskelege å få auge på fordi dei er bakt inn i heile tankegangen vår. Ofte er forskarane ikkje sjølv klar over dei eingong, fordi dei er ein integrert del av kulturen. Det er slike grunnar eg skal konsentrere meg om her.

Da eg intervjuja doktorgradsstudenter om korfor dei hadde valt å skrive doktoravhandlinga si på engelsk, var det svært mange som svarte at det hadde dei rett og slett ikkje tenkt over. Det var noko dei såg på som sjølvsagt. Dei hadde ikkje drøfta språkvalet med rettleiaren sin og heller ikkje vurdert ulike alternativ for seg sjølve. Derfor er det kanskje ikkje rett å seie at 81 % av alle norske doktorgradsstudenter vel å skrive på engelsk, slik eg sa i innleinga til denne artikkelen. Det er heller slik at dei rett og slett *skriv* på engelsk, utan at dei opplever det som noko reelt *val*. Det berre *er* slik at ein skal skrive på engelsk. Dette har dei vorte oppdratt til gjennom 5–6 års universitetsstudium der mesteparten av pensumstoffet er på engelsk, og førelesarane deira sjølve skriv mest på engelsk. Dette gjer at unge forskarar manglar førebilete for å skrive på norsk. Å bruke norsk er *markert*, uvanleg, noko som ein vel aktivt. Å bruke engelsk er *umarkert*, standardalternativet, og krev ikkje noko aktivt val. Det er stort sett berre i språkvitskapelege miljø dette blir sett spørsmålsteikn

ved. Elles er engelsk det opplagte valet. Dette er noko doktorgradsstudenter flest er innforstått med og ser som udiskutabelt. Forståinga har vorte ein del av den kulturelle kompetansen deira.

Valet som ligg bak handlinga, treng altså ikkje vere medvite, det kan vere motivert ut frå allment aksepterte normer i den akademiske kulturen. I denne kulturen ligg det òg ein del meir eller mindre aksepterte førestillingar om språk som viser seg i haldninga overfor norsk og engelsk og overfor språk generelt. Desse haldningane er svært vanlege både blant akademikarar og «folk flest», og eg vil no vise nokre døme som eg høyrd i intervju med studentane. Eg har stilisert utsegne litt for å gjøre dei lett gjenkjennelege. For kvar utsegn vil eg forklare haldninga som ligg bak, og så trekke fram eventuelle motargument som har vorte reist, m.a. av språkforskarar.

### «Språket er berre ein reiskap»

Dette er ei grunnleggjande språkhaldning som blir kalla instrumentalisme. Instrumentalisme går ut på at språket blir sett på først og fremst som ein reiskap for kommunikasjon. Språket sin funksjon er å uttrykkje eit meiningsinnhald. Kva for språk meinингa blir uttrykt på, speler såleis inga stor rolle. Andre funksjonar språk kan ha, til dømes som identitetsskapar eller kulturerar, kjem i bakgrunnen. Følgjeleg vil eit språk som er meir utbreitt, vere «betre» enn eit språk som er mindre utbreitt. I sin ytтарste konsekvens kan den instrumentalistiske tankegangen føre til den konklusjonen at det ville vore best om alle språk bortsett frå eitt

døydde ut. Det eine språket som skal stå att, er då engelsk. Dette er ei utvikling som er både naturleg og gunstig, og som ein bør medverke til, eller i alle fall ikkje hindre, argumenterer instrumentalistane med. Ein mindre ekstrem versjon av instrumentalisme er ein ønskesituasjon der alle folk i verda kan engelsk, og bruker det t.d. i arbeidet, mens ein kan bruke dei ulike nasjonalpråka heime og i situasjonar der ein er sikker på at ein berre ønskjer å kommunisere med landsmenn. I begge tilfella vil nasjonalpråk i alle fall ikkje ha noko i forskingspublikasjonar å gjøre, ettersom forskarar i andre land òg kan ha nytte av å lese dei.

Motargumentet mot dette er at språket slett ikkje berre er ein måte å kode ein bodskap på. Språket er ein del av kulturen og dermed identiteten til folk, og å ta frå folk høvet til å bruke morsmålet vil vere eit overgrep. Språkleg mangfold er viktig for å ta vare på eit kulturelt mangfold i verda og for å motverke kulturell einsretting. Dette vil òg vere viktig i forskinga, ettersom einsretting vil verke dempande både på kreativitet og kritisk tenking. Vidare er det ikkje hipp som happ om forskarar får uttrykkje seg på morsmålet eller ikkje. Det kan vere vanskeleg å uttrykkje tankar og kompliserte resonnement på eit språk ein ikkje meistrar til fulle. Dersom alle skal skrive på engelsk, kan det bli slik at dei som har engelsk som morsmål, lettare vil slå igjennom med sine idear enn dei som må uttrykkje seg på eit framandspråk. Derved får vi ein skeiv maktsbalanse til fordel for engelsk og amerikansk forsking, noko som også er uheldig for idémangfaldet og den vitskaplege utviklinga.

#### «Engelsk er eit rikare språk enn norsk»

Vi har alle sikkert hørt dette argumentet. Det har fleire ord, og har derfor eit høgare presisjonsnivå. Dette er det òg mange unge forskarar som trur. Oppfatninga er at ein vitskapleg tekst rett og slett vil vere av betre kvalitet på engelsk enn på norsk, fordi det engelske språket opnar for eit høgare presisjonsnivå. Variantar av dette argumentet blir brukt over heile verda, og heller ikkje berre mellom forskarar. Engelsk blir sett på som «rikt, variert, edelt, tilpassingsdyktig, interessant, etc.» skriv språkforskaren Robert Phillipson, og dette har han observert i mange land i ulike delar av verda.

Eigentleg går det ikkje an å avgjere kva for språk som er «rikast». Det er fordi vi ikkje har nokon måte å telje opp kor mange ord som finst i ulike språk. Dei største engelske ordbøkene har ca. 400 000 ord, mens den største norske har over 300 000. I den nye Norske ordbok, som er under utgjeving fram mot 2014, vil det også vere med om lag 300 000 ord. Men ordbøker er redigerte: Kor vanleg må eit ord vere før det vert med? Kor mange dialektord og samansette ord skal ein ta med? Til den nye, norske ordboka som kjem, har redaksjonen samla ca. 600 000 ord, men vel å kutte ned til halvparten av redigeringsomsyn (ifølge redaktør Tor Erik Jenstad). Alle språk er eigentlig uendelige, ettersom ein kan setje saman ord og lage avleiingar og nye ord etter kvart som ein treng dei. Robert Phillipson skriv at argumentet at engelsk er eit så rikt språk, ikkje har rot i vitskaplege undersøkingar av kvalitetar ved det engelske språket i det heile. I staden meiner han

det er ei form for imperialistisk argumentasjon som heng att frå kolonitida. Nordmenn og andre som talar engelsk som framandspråk, held fram med den argumentasjonen som engelskmennene i si tid brukte overfor indarar og andre kolonifolk for å legitimere koloniseringa.

#### «Engelsk er eit nøytralt språk»

Det engelske språket blir av mange sett på som nøytralt på den måten at det ikkje først og fremst blir assosiert med engelskspråklege land som Storbritannia og USA. Derimot blir engelsk av dei unge forskarane i undersøkinga rekna som eit internasjonal og kulturnøytralt språk, som alle «eig» like mykje. Slik dei tenkjer på det, er ikkje engelsk stadbunde på same vis som norsk. Ein kan samanlikne det med eit standardtalemål: Standardtalemålet er ei overregional norm, som er gangbar over heile landet, og ikkje knytt til nokon bestemt geografisk stad. Samtidig kan standardtalemålet ha utspring i ein regional dialekt, slik som t.d. oslomålet. På same måten kan engelsk bli opplevd som ei overnasjonal norm, som er gangbar over heile verda, sjølv om det har utspring i England. Norsk, derimot, kan da samanliknast med ein dialekt: Det er knytt til ein heilt bestemt stad, nemleg Noreg, og er ikkje like gangbart utanfor dette landet.

Ein *stad* er i denne samanhengen ikkje berre eit geografisk område. Ein stad har også ein kultur og ei historisk forankring knytt til seg<sup>2</sup>. Med Noreg assosierer vi også konsept som «det norske», «vikingtid», «bunad» og liknande. Er noko nøytralt og ikkje knytt

til nokon stad, vil det heller ikkje få oss til å tenkje på noka bestemt historisk eller kulturell tilknyting. Derfor kan det at eit språk blir sett som anten nøytralt eller knytt til ein stad, også skape assosiasjonar til verdiar som *modernitet* versus *tradisjon*. Korleis dette gir seg utslag, skal vi sjå i samband med den neste påstanden.

#### «Engelsk er framtida, norsk er for sidrumpa»

Engelsk lønner seg, meiner mange. Dei har ei førestilling om at å bruke engelsk i seg sjølv gjev økonomisk vekst og teknologisk utvikling. Denne førestellinga har nettopp samanheng med assosiasjonen til det *moderne*, som engelsk fører med seg. Engelsk blir knytt til *framsteg*. Norsk, derimot, blir assosiert med noko nasjonalistisk, tradisjonsnelt og ruralt. Frå informantane mine hørde eg t.d. at berre bygdesosiologar og norskfilologar kan publisere vitskapelege tekstar på norsk. Norsk representerer det motsette av framsteg. Som ein av informantane mine sa: «Hvis det ble sagt at vi skulle skrive på engelsk, så hadde jeg sett mange positive grunner til det. Mens hvis det hadde blitt sagt at vi skulle skrive på norsk, så ... Nei, jeg hadde ... Snevert, liksom. Bakstreversk.» Vidare var det fleire av dei eg intervjuja, som meinte at det ikkje ville vere økonomisk gunstig for Noreg som forskingsnasjon om forskrarar publiserte meir på norsk, og det ville heller ikkje verke positivt for karrieren til den einskilde forskaren.

Dermed var det veldig lite freistande for dei å velje norsk.

No er det sjølvsagt vanskeleg å argumentere vitskapeleg for at norsk

er meir eller mindre «bakstreversk» eller «sidrumpa» enn engelsk. Men det som i alle fall er sikkert, er at dersom mange nok meiner det, så vil dette på eit vis bli rekna som sanninga. Og jo sjeldnare norsk blir brukt i samanhengar som blir rekna som moderne, jo sterkare vil denne førestillinga feste seg hos folk. Så når store teknologibedrifter som t.d. Telenor går over til engelsk som konsernspråk, vil dette vere med på å halde oppe førestillinga om at norsk ikkje er eigna til bruk i slike moderne ting som høgteknologi. At få forskarar skriv på norsk, er også med på å halde denne førestillinga ved like. Det liknar såleis ein sjølvoppfyllande profeti.

#### **«Engelsk viser at du er dyktig»**

Haldninga at dersom du som forskar skriv på engelsk, er du er dyktig, har også på eit vis samanheng med det eg skreiv i førre avsnittet. Det heng saman med at haldninga til språk gjerne går langs to aksar: prestisje og solidaritet. At ein måtte å snakke eller skrive på har høg prestisje, vil seie at tilhøyrarane oppfattar det som eit signal om høg kompetanse og kvalitet. At det har høg solidaritet, vil seie at det skaper varme kjensler hos folk. Det gjeld både for språk og dialektar. Til dømes har standardtalemål gjerne høg prestisje, men låg solidaritet. Dialektar, derimot, har gjerne låg prestisje, men til gjengjeld høg solidaritet. Slik er det med norsk og engelsk òg. Engelsk har ein svært høg prestisje: Skriv du doktoravhandlinga di på engelsk, sender

du ut eit signal om at du er interessert i å vere med i forskingsfronten. Du viser at du er dyktig, eller at du i alle fall er interessert i å bli det. Men skriv du på norsk, kan du bli mistenkt for å skjule at du eigentleg ikkje har noko særleg å fare med. For unge forskarar er det svært viktig å bevise at dei er kompetente. Med doktoravhandlinga skal dei vinne innpass i og respekt i fagmiljøet. Dette er det lettare å oppnå om dei skriv på engelsk, i og med den prestisjen språket har. Men varme kjensler overfor engelsk har dei unge forskarane ikkje. Solidariteten deira ligg i det norske språket, ikkje i engelsk. Det ville vore synd om norsk forsvann, var dei aller fleste einige om. Vi må halde oppe norsk, meinte dei. Men ikkje akkurat i forskingspublikasjonar.

#### **Og kva så?**

Er det slik at norsk er på veg til å gå ut av bruk i forskinga, eller kanskje til og med i heile universitets- og høgskulesektoren? Ser ein på utviklinga dei siste tjue åra, kan ting tyde på det. Ein kan sjå positivt eller negativt på denne utviklinga, alt etter kva for verdiar ein prioriterer. Men som eg var inne på i byrjinga: Dette er opp til oss. Det er berre vi her i Noreg som rår over framtida til språket vårt. Vi vel korleis og i kva slags situasjoner vi vil bruke det. Det er opp til oss om vi vil bruke norsk i forsking og høgare undervisning eller ikkje. Dersom ein vil forsøke å snu utviklinga, kan haldningsarbeid vere ein stad å byrje.

språkråd går god for ordet. Dersom vi tilrår eller rår fra å bruke ordet, vil vi nevne det uttrykkelig. Nyordspalten redigeres av Svein Nestor.

**samsoving** det at mor og små barn sover sammen *Overlege Gro Nylander ved Nasjonalt ammesenter ved Rikshospitalet mener det er så mange fordeler ved samsoving at det kan oppveie den lett forhøyede krybbedørdriskoen for barn som sover sammen med ikkevøkende mødre.*

Aftenposten 16.1.2004

**lykkepromille og gladfyll** Noen forskere har lansert begrepet lykkepromille, og nå har vi også fått begrepet gladfyll. Begge begrepene gir signal om at det finnes en slags gylden middelvei mellom flatfyll og avhold når det gjelder bruk av alkohol.

Ungdomskonsulent i Rusfri Robert Mulelid i  
Vårt Land 22.1.2004

**taliban** Hvem er egentlig mulla Krekar? [...] Han er født i 1956 og er en ekstrem islamsk fundamentalist. Det nekter han ikke for selv. Han har talibane tilbøveligheter, og kanskje vel så det.

Dagens Næringsliv 24.-25.4.04

**smurningstape** Flere produsenter jobber med flytende smurning. To produsenter har lansert smurningstape som rett og slett klistes under skien. En av dem skal holde gjennom en hel sesong for en vanlig turløper. Våre folk har testet smurningstapen. Konklusjonen er at man skal være god til å smøre ski for stabilt å ha bedre ski gjennom en sesong.

Dagens Næringsliv 6.2.2004

**dyretolk** Hun har bestått av tre kurs hos læremester Astrid Moe fra Trondheim. Om kort tid er 21-åringen utlært dyretolk. For å ta eksamen må man på forhånd ha gjennomført samtaler med 100 forskjellige dyr.

Dagsavisen 9.2.2004

**snakkemelding** Tekstmeldinger har tatt av for lengst, og vi har begynt å kaste oss over bildemeldinger. Nå kommer snakkemeldingene. Systemet fungerer omtrent som en avansert walkie-talkie. Du holder telefonen foran munnen, trykker inn knappen og snakker. Meldingen går rett inn på mottakerens telefon uten at du trenger å løfte av røret.

Dagbladet 27.2.2004

**idéspeider** For å prøva å få ein oversikt over kva som går føre seg av nyskaping ved UiO, vil dei også setja i verk spesielle tiltak, – Birkeland innovasjon vil difor ha kontakt med folk som kan nytast som idéspeidrarar spesielt på medisin, farmasi, kjemi og odontologi, seier Maartmann-Moe.

UNIFORUM 3/2004, 26. februar

**nussifisering** Sandvik mener prester dominerer liturgien for mye. Han er også kritisk til at mange prester viser fram dåpsbarnet for menigheten etter dåphandlingen. Han kaller dette en 'nussifisering' av gudstjenesten som framhever prestens særtilling.

Vårt Land 17.3.2004


**tankesmie** Er vår oljerikedom en sovepute, som har gjort oss så overfladiske at vi ikke orker å snakke om det vesentlige, spør Terje Svabø, daglig leder for tankesmien Civita.

Aftenposten 12.3.2004

**grønnmale** utgi for å være miljøvennlig. Det er problematisk at Det Norske Veritas grønnmaler en virksomhet som har tatt drikkevannet og livsgrunnlaget fra tusenvis av mennesker.

Dagbladet 14.2004

Å grønnmale er dannet etter mønster av verb som svartmale og hvitvaske.



*Redaksjonen tar gjerne mot brev fra leserne. Det kan være kommentarer til artiklene og emner i bladet,*

*interessante ord og uttrykk en har kommet over, nyord, språkspørsmål eller annet.  
Adressen er: Språknytt, Norsk språkråd,  
Postboks 8107 Dep, 0032 OSLO.*

**Spørsmål:** Jeg har et spørsmål angående en ordform som jeg alltid har lurt på riktigheten av. Ordet er *undertegnede*. Betydningen av denne formen høres for meg ut som 'en som er undertegnet'. Selv om det kanskje høres rart ut, synes jeg formen *undertegnende* er mer riktig. Dette betyr for meg 'en som undertegner'. Er dette riktig, eller er det en helt feil tolkning av betydningen av ordformene?

**Svar:** Siden verbet heter å *undertegne*, kan man kanskje mene at *undertegnende* ville vært mer logisk enn *undertegnede*. Men saken er at det er *undertegnede* det heter, og hvis en skriver noe annet, vil det bli oppfattet som feil.

Dette er en uttrykksmåte som trolig er flere hundre år gammel, og som har paralleller i andre språk (*unterzeichnen* på tysk og *le soussigné* på fransk). En stor dansk ordbok forklarer bruksområdet på denne måten: 'i den underskrivendes omtale af sig selv, især i ansøgninger, erklæringer olgn.'

**Spørsmål:** *Risiki* og *saldo* er populære skrivemåter blant økonomiutdannede o.l. Er disse skrivemåtene tillatt?

**Svar:** De eneste tillatte formene i gjeldende rettskrivning er *risikoer* og *saldoer*.

**Spørsmål:** Uttrykket å *svelge med hud og hår* heter i Sverige *svälja med hull och hår*. Kan det være slik at *hud og hår* er en variant som har oppstått på grunn av en misforståelse, og at det opprinnelig het *hull og hår* hos oss også?

**Svar:** I Svenska Akademiens Ordbok står det at svensk har uttrykket *med hud och hår* ved siden av *med hull och hår*. Det norske ordet som tilsvarer svensk *hull*, er *hold*, som betyr 'kjøtt på kroppen', jf. uttrykket *være i godt hold*, dvs. 'være fyldig'.

I Ordbog over det danske Sprog står det at uttrykket på dansk heter *med hud og hår*. Det henvises også til at det på engelsk heter *hair and hide* (hår og hud) eller *hair and hoof* (hår og hov), tysk *mit Haut und Haar* (med hud og hår).

Av disse uttrykkene er det det svenske *med hull och hår* og det engelske *hair and hoof* som avviker mest fra de øvrige. I tillegg avviker det engelske og det svenske uttrykket fra hverandre i og med at *hull* og *hoof* er helt forskjellige ting.

Disse to omstendighetene og det at dansk *med hud og hår*, tysk *mit Haut und Haar*, nederlandsk *met huid en haar* og engelsk *hide and hair* inneholder akkurat de samme betydningselementene, kan tyde på at det er denne typen som er den opprinnelige.

## FORFATTERNE

**Jarle Bondevik** er dr.philos. og professor i nordisk språkvitenskap ved Universitetet i Bergen.

**Anne Kringstad Grønvik** er utdannet lektor i nordisk språk og jobber som lærer ved Bud barne- og ungdomsskole. I desember 2003 innleverte hun hovedoppgaven sin om bruk av engelsk i norsk næringsliv.

**Kari Haave** har vært lektor i norsk, historie og tysk ved Elverum videregående skole siden 1976, og er hovedlærer/sekssjonansvarlig for norsk, samfunnsfag og religion siden 1993. Hun har erfaring fra lærebokarbeid og som sensor i norsk.

**Ragnhild Ljosland** er cand. philol. i nordisk språkvitenskap og er naa stipendiat i sosiolingvistikk ved NTNU.

**Agnete Nesse** arbeider på Høgskolen i Bodø, institutt for lærerutdanning og kulturfag, og underviser i nordisk og norsk for utlendinger. Hun er dr.art. fra Universitetet i Tromsø på avhandlingen

*Språkkontakt mellom norsk og tysk i hansatidens Bergen* og driver forskning på nord-norske bymål

**Anne Steinsvik Nordal** er høgskulelektor ved Høgskulen i Volda med norsk-didaktikk som fagområde.

**Johannes Nymark** er førsteamanensis i spansk ved Norges Handelshøyskole i Bergen, der han har vært ansatt siden 1993. Fra 1978 til 1992 arbeidet han på Romansk institutt ved Universitetet i Oslo. Han er spesielt opptatt av språksoziologi, terminologi og oversettelsesvitenskap.

**Sabine Charlotte Rosenhart** har siden april 2004 mastergrad i nordiske språk og nordisk kultur fra Universitetet i Groningen.

**Finn-Erik Vinje** er professor i moderne nordiske språk, Universitetet i Oslo, og tidligere medlem av Norsk språkråd. Han har 23 år bak seg som språkkonsulent i NRK og har skrevet mange bøker om norsk og nordisk.

### Omslagsbilde:

*Foto: Bård Løken / NN / Samfoto*

## INTERNETT

Tekstene i dette nummeret fins også på Internett:

<http://www.sprakrad.no>

### NORSK SPRÅKRÅD

Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

**Telefon:** 24 14 03 50

**Telefaks:** 24 14 03 51

### Redaktører:

Helge Sandøy og  
Kjell Ivar Vannebo

### Redaksjonssekretær:

Svein Nestor  
E-post: [nestor@sprakrad.no](mailto:nestor@sprakrad.no)

Opplag: 25 500

Fire nummer i året

Redaksjonen avslutta 10.5.2004

**Form:** NIGARD ANS, Venabygd

**Trykk:** PDC Tangen 2004

Signerte artikler står for  
forfatterens syn.

Redaksjonen forbeholder  
seg rett til å publisere  
innsendte artikler på  
Internett.

ISSN 0333-3825



NORGE/NOREG

P.P.

B

**Returadresse:**  
**NORSK SPRÅKRÅD**  
**Postboks 8107 Dep**  
**0032 OSLO**

**ISSN 0333-3825**